

IMDi-rapport 8-2010

# Mobilisering til val

Om politisk deltaking blant innvandrarbefolkninga



Visjon

**Like muligheter og like levekår  
i et flerkulturelt samfunn**

Forsidefoto: Valmøte i Arendal. Astrid Espegren/IMDi

Design og trykk: 07 gruppen AS – 11.10

Opplag: 4000

ISBN papir: 978-82-8246-027-9

ISBN elektronisk: 978-82-8246-026-2

ISSN 0809-9677

[www.imdi.no/rapporter](http://www.imdi.no/rapporter)

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>Summary</b> .....	<b>5</b>
<b>Kapittel 1: Innleiing</b> .....	<b>6</b>
Om rapporten.....	6
<b>Kapittel 2: Kven kan røyste, og kven brukar retten til å røyste?</b> .....	<b>8</b>
Kor mange i innvandrarbefolkninga har røysterett?.....	8
Stortingsval .....	8
Lokalval .....	9
Kven brukar retten til å røyste?.....	10
Utvikling av politisk deltaking blant kvinner .....	11
<b>Kapittel 3: Innvandrarak som politiske aktørar</b> .....	<b>12</b>
Valdeltaking blant ulike landgrupper .....	12
Stortingsval .....	12
Lokalval .....	13
Butid og alder .....	13
Innvandrarak røystar mot venstre .....	13
Listeretting .....	14
Kven er representerte der politiske avgjersler blir tekne?.....	15
<b>Kapittel 4: Nyttar innvandrarak alternative kanalar for deltaking?</b> .....	<b>17</b>
Medlemskap i organisasjonar.....	17
Har innvandrarakorganisasjonar reell makt og innverknad?.....	18
<b>Kapittel 5: Kva påverkar valdeltakinga?</b> .....	<b>19</b>
Individuelle faktorar .....	19
Verknaden av individuelle kjenneteikn .....	19
Interesse for politikk og kunnskap om valordninga og partia.....	20
Å røyste ut frå ei borgarplikt .....	22
Mistillit til det politiske systemet .....	22
Sosial kapital og nettverk .....	23
Strukturelle forklaringar.....	24
Valordninga .....	24
Kven stiller til val, og kva handlar valkampen om?.....	24
Trekking ved kommunen.....	24
Samansetnaden i valkrinsen.....	25
Strukturell diskriminering .....	25
<b>Kapittel 6: Tiltak for å auke valdeltakinga i befolkninga</b> .....	<b>26</b>
Tiltak i regi av styresmaktene.....	27
Ny valordning ved lokalvalet i 2003 .....	27
E-val 2011-prosjektet .....	27
Forsøk med røysterett for 16-åringar ved kommunestyrevalet i 2011.....	29
Direkteval av ordførar .....	29

<b>Kapittel 7: Korleis mobilisere innvandrarbefolkninga til å røyste?</b> .....	<b>30</b>
Generelt om mobiliseringsarbeid .....	30
Mobiliseringstiltak i regi av IMDi.....	30
Mobiliseringsarbeidet til IMDi fram mot lokalvalet i 2007 .....	31
Mobiliseringsarbeidet til IMDi fram mot stortingsvalet i 2009 .....	31
Mobiliseringsarbeid mellom valåra.....	32
Kva gjer nabolanda våre?.....	32
<b>Kapittel 8: Avslutning</b> .....	<b>34</b>
<b>Litteratur</b> .....	<b>37</b>



Oyotkaniin kulliani!

Use your vote!

Ane jienat!

Geavat jienastanvuoigatvuodat!

Skorzystaj z Twojego prawa głosu!

**Bruk stemmeretten din!**

Isticmaal codkaaga!

Nuhth dov tjaatsestimmiereaktam!

از حق خود برای رای دادن استفاده کنید!

Iskoristi svoje glasacko pravo!

Hãy sử dụng quyền bầu cử của bạn!

Воспользуйтесь своим правом голоса!

# Forord



Eit demokrati skal gi alle innbyggjarane ei reell moglegheit for innverknad og deltaking. I integrerings- og inkluderingspolitikken er det difor ei viktig oppgåve å motkjempe forskjellsbehandling og byggje ned barrierar for deltaking. Retten til å røyste ved val er grunnlaget for politisk deltaking og innverknad i samfunnet vårt. Noreg er blitt eit mangfaldig land, og veljarkorpset bør spegle den nye befolkningssamansetnaden. I kva grad greier det demokratiske styresettet vårt å fange opp og representere dette mangfaldet?

I denne rapporten ser vi nærare på valdeltakinga blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre. Personar med innvandrarbakgrunn forstått som *ei* gruppe, røystar i mindre grad enn resten av befolkninga, både ved lokalval og stortingsval.

Det er vel å merke store variasjonar i valdeltakinga blant dei ulike innvandrargruppene. Det er også stor variasjon i representasjonen av innvandrarak i dei folkevalde organa. Få har blitt valde inn på Stortinget, men fleire har blitt valde inn i by- og kommunestyra rundt om i landet.

Styresmaktene er opptekne av at fleire personar med innvandrarbakgrunn skal oppleve politisk deltaking i Noreg som meningsfullt og dermed oppsøkje valurnene. Innvandrarbefolkninga er ei samansett gruppe, og kva som påverkar dei ulike gruppene sin motivasjon til å røyste, vil variere. Denne rapporten gir eit oppdatert bilete av valdeltakinga i innvandrarbefolkninga gjennom å presentere ny statistikk og forskning. Rapporten presenterer og drøftar ulike mobiliseringstiltak som har blitt sette i verk for å oppnå auka valdeltaking i denne veljargruppa. Målet er å gi aktørar innan politiske parti, frivillige organisasjonar og offentleg forvaltning eit kunnskapsgrunnlag i det vidare valmobiliserande arbeidet.

God lesing!

Oslo, oktober 2010

A handwritten signature in black ink that reads "Geir Barvik". The signature is written in a cursive, flowing style.

Geir Barvik

Direktør

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

# Samandrag

I denne rapporten ser vi nærare på valdeltakinga blant innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre. Personar med innvandrarakbakgrunn røystar i mindre grad enn resten av befolkninga. Ved dei tre siste stortingsvala har valdeltakinga blant desse gruppene vore 24–25 prosentpoeng lågare enn for befolkninga sett under eitt. Ved lokalvalet i 2007 var det vel ein av tre i den ikkje-vestlege innvandrarakbefolkninga som nytta retten til å røyste, medan om lag to av tre i resten av befolkninga røysta. I den ikkje-vestlege innvandrarakbefolkninga si deltaking ved lokalval, har det over tid heller vore ein tendens til nedgang enn oppgang.

Dersom låg deltaking fører til at store delar av befolkninga fell utanfor demokratiske prosessar og arenaer der avgjersler blir tekne, kan dette få negative konsekvensar for politikken og valsystemet sin legitimitet. Valdeltaking handlar vel å merke om meir enn berre demokratiets legitimitet, det handlar også om integrasjon og tilhøyrse i eit større fellesskap. Låg valdeltaking kan vere eit teikn på utanforskap.

Det er store variasjonar i valdeltakinga blant dei ulike innvandrarakgruppene. Til dømes har innvandrarakar frå Balkan utmerkt seg ved i liten grad å røyste ved val, medan innvandrarakar frå India og Thailand har utmerkt seg med høg valdeltaking over tid. Det er også stor variasjon i representasjonen av innvandrarakar i dei folkevalde organa. Få har blitt valde inn på Stortinget, men fleire har blitt valde inn i by- og kommunestyra rundt om i landet.

Forklaringane bak valåtfërda til innvandrarakbefolkninga er samansette og komplekse. Både individuelle og meir strukturelle årsaker vil vere med og påverke om den enkelte vel å røyste eller ikkje. Individuelle årsaker peikar på trekk ved den enkelte. Vi ser mellom anna at valdeltakinga aukar med alder og butid. Dei strukturelle årsakene peikar meir på trekk

ved samfunnet; som måten både samfunnet og det politiske systemet er organiserte på. Eit demokrati må til dømes gi innbyggjarane eit reelt høve til innverknad. Har vi ei valordning som sikrar dette? Trekk ved valordninga og strukturell diskriminering kan vere døme på denne typen forklaringsfaktorar.

Styresmaktene har sett i verk fleire tiltak for å auke valdeltakinga, både blant befolkninga generelt og blant innvandrarakbefolkninga spesielt. IMDi arbeider med informasjons- og mobiliseringstiltak retta særskilt mot dei gruppene som har lågast valdeltaking, og mot førstegongsveljarar. Innvandrarakbefolkninga er ei samansett gruppe, og kva som påverkar dei ulike gruppene sin motivasjon til å røyste, vil variere. Vi veit etter kvart mykje om kven av innvandrarakbefolkninga som røystar, og korleis dei røystar. Delar av dei bakanforliggjande faktorane for røystegivinga er framleis lite utforska: Kva er motiva for å røyste eller for å la vere? Kva opplever personar med innvandrarakbakgrunn som dei største barrierane for å delta ved val? Dette er forhold vi treng meir kunnskap om.

For å oppnå auka valdeltaking må ein jobbe på fleire frontar parallelt. Ei viktig oppgåve er å formidle informasjon om valavvikling og om partia sine politiske budskap. Dette er eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg arbeid for å få opp valdeltakinga. Det er også avgjerande at kunnskapen om det demokratiske styresettet vårt blir formidla på ein slik måte at den enkelte ser verdien av å gå til valurna. Deltaking i val er ei politisk handling som er frivillig. Det er difor heilt avgjerande at den enkelte opplever det som meningsfullt å delta i val.

**Geavat  
jienastanvuoigatvuodat!**



## Summary

In this report we study electoral participation amongst immigrants and those born in Norway to immigrant parents. People with an immigrant background tend to vote less than the rest of the population. At the three last parliamentary elections, voting amongst these groups was 24-25 percentages lower than for the entire population. In the local elections in 2007, just one in three of the non-Western immigrant population exercised their right to vote, while about two out of three of the rest of the population voted. The participation amongst the non-western immigrant population in local elections has over time tended to decrease rather than increase.

If low participation leads to larger parts of the population falling outside democratic processes and arenas where decisions are taken, this can have negative consequences for politics and the legitimacy of the electoral system. Participation in elections is more than just democratic legitimacy: it also involves integration into and belonging in the wider community. Low participation in elections can be a sign of alienation.

There are major variations in participation in elections amongst different groups of immigrants. For example, immigrants from the Balkans stand out due to their low participation, while immigrants from India and Thailand stand out due to their the high level of participation in elections over time. There are also great variations in the representation of immigrants in elected bodies. Few have been elected to Parliament but rather more have been elected to town and municipal councils across the country.

The explanations for electoral behaviour among immigrants are compound and complex. The reasons are both individual and more structural, and affect whether the individual chooses to vote or not. Individual reasons indicate traits of the individual. For

example we can see that participation in elections increases with age and length of residency. The structural reasons indicate traits within society, such as the way in which both society and the political system are organised. For example, a democracy must give its inhabitants a real opportunity to have influence. Do we have an electoral system that ensures this? Traits in the electoral system and structural discrimination can be examples of this type of explanatory factors.

The authorities have implemented a number of measures to increase participation in elections, both amongst the population in general and amongst the immigrant population in particular. IMDi is working with information and mobilisation measures specifically targeted at the groups that have the lowest participation in elections, and at first-time voters. The immigrant population is a complex group, and factors that will influence the motivation to vote among the various groups will vary. We now know much about who votes amongst the immigrant population and how they vote. However, areas of the underlying factors for voting have not yet been studied in depth: what are the motives for voting or not voting? What do people with an immigrant background see as the greatest barriers to participation through voting? We need more knowledge about these areas.

In order to increase participation in elections it is necessary to work on several fronts simultaneously. One important task is to provide information about how to vote and about the parties' political messages. It is also important that knowledge about our democratic governance is disseminated in a way that enables the individual to see the value of going to the ballot box. Participation in elections is a political action that is voluntary. It is therefore essential that the individual is aware of the fact that taking part in elections is meaningful.

# 1 Innleiing

## **Noreg er blitt eit meir mangfaldig land. I kva grad viser dette igjen i valstatistikken, på Stortinget og i kommunestyra rundt om i landet? Greier det demokratiske styresettet vårt å reflektere mangfaldet i befolkninga?**

Valdeltakinga i Noreg har gått i syklusar dei siste tiåra. Den auka valdeltakinga på 1960-talet representerte ei mobilisering av veljarar, medan vi gjennom 1990-åra var vitne til ei demobilisering. Valdeltakinga ved stortingsvalet i 2009 var på 76,4 prosent. Valdeltakinga ved dei tre siste stortingsvala (2009, 2005 og 2001) har gått både opp og ned, men valet i 2001 hadde rett nok den lågaste deltakinga sidan 1927. Også ved lokalval er deltakinga fallande. I 1987 var valdeltakinga på like oppunder 70 prosent, medan ho i 2007 var på 62 prosent.<sup>1</sup> Valdeltakinga er generelt fallande i heile befolkninga, og dette er eit fenomen som trer fram i heile den vestlege verda (Bjørklund og Bergh 2005).

Valdeltakinga blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre er generelt låg samanlikna med befolkninga i alt. Ved siste stortingsval var valdeltakinga for personar med innvandrarbakgrunn 25 prosentpoeng lågare enn valdeltakinga for befolkninga sett under eitt (Henriksen 2010). Ved lokalvalet i 2007 var det vel éin av tre i den ikkje-vestlege innvandrarbefolkninga som nytta retten til å røyste, medan nær to av tre i resten av befolkninga røysta. Over tid har det heller vore ein tendens til nedgang enn oppgang (Aalandslid 2008).

I integrerings- og inkluderingspolitikken er det eit mål at alle som bur i Noreg, skal ha like plikter, rettar og moglegheiter til å bidra og delta i fellesskapet. Styresmaktene skal motarbeide forskjellsbehandling og bygge ned barrierar mot deltaking.<sup>2</sup> Å røyste ved

val er ei sentral form for politisk deltaking og innverknad i vårt samfunn.

Dersom låg deltaking fører til at store grupper av befolkninga fell utanfor demokratiske prosessar og organ med avgjerande fullmakter, kan dette få negative konsekvensar for politikken og heile valsystemet sin legitimitet. Eit demokrati skal gi innbyggjarane ei reell moglegheit for innverknad og deltaking. Det er difor grunn til å setje søkjelyset på grupper som over tid viser seg å ha ei låg valdeltaking. Den låge valdeltakinga blant innvandrarbefolkninga gjer at desse gruppene sitt bidrag til det endelege valresultatet ikkje blir like viktig som talet på potensielle røyster skulle tilseie (Aalandslid 2008). Her står vi overfor ei demokratisk utfordring, som Rogstad (2007) uttrykkjer slik:

«Skal demokratiet ha legitimitet, må velgerkorpset gjenspeile de befolkningsendringer som har funnet sted. Et velfungerende demokrati forutsetter politisk deltagelse også av minoritetsgruppene» (Rogstad 2007:14).

Valdeltaking blant innvandrarar er også eit aktuelt tema i nabolanda våre. Dei svenske forskarane Teorell og Westholm uttrykkjer si bekymring slik:

«Invandrarnas politiska utanförskap er vår tids mest dramatiska förändring av den politiska jämlikheten i Sverige» (Teorell og Westholm 1999:42).

### **Om rapporten**

I denne rapporten ser vi nærare på val som fenomen. Vi presenterer statistikk over valdeltakinga blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre og drøftar kva konsekvensar den låge deltakinga kan ha. I kapittel 2 ser vi nærare på kven vallova omfattar, og kven som røystar ved val.

I kapittel 3 ser vi på skilnadane i valdeltakinga blant grupper med ulike landbakgrunnar, i tillegg til at vi drøftar det partipolitiske mønsteret i innvandrarbefolkninga si røyste-

1 Kjelde: SSB.

2 Prop. 1 S (2010–2011). Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak).



giving. I kva grad minoritetar er representerte i kommunestyra, er også eit tema som blir teke opp her. I kapittel 4 ser vi på andre former for politisk deltaking. I kapittel 5 presenterer vi ei oversikt over individuelle og strukturelle barrierar som påverkar deltaking ved val. Ulike tiltak som har blitt sette i verk for å auke valdeltakinga, som elektronisk røysting og ny vallov, blir presenterte og drøfta i kapittel 6. I kapittel 7 presenterer vi nokre av mobiliseringstiltaka IMDi har sett i verk, i tillegg til at vi ser nærare på korleis våre naboland Sverige og Danmark jobbar med dette temaet. I kapittel 8 summerer vi opp dei viktigaste forholda rapporten har vore innom. Med bakgrunn i dette drøftar vi kva som kan vere nyttige innretningar av det vidare arbeidet med å auke valdeltakinga blant innvandrarbefolkninga. Avslutningsvis tek rapporten opp nokre viktige spørsmål ved innvandrarbefolkninga si valdeltaking der vi framleis treng meir kunnskap.

**Føremålet** med rapporten er todelt. For det første blir det gitt eit oppdatert bilete av innvandrarbefolkninga si valdeltaking. Dette blir gjort gjennom presentasjon av ny statistikk og oppdatert forskning. For det andre blir ulike mobiliseringstiltak for å auke valdeltakinga presenterte og drøfta. Til saman skal dette bidra til auka kunnskap om innvandrarbefolkninga si valdeltaking. Det skal også utgjere eit kunnskapsgrunnlag for det vidare mobiliseringsarbeidet som er retta mot denne veljargruppa. Oppdatert kunnskap er ein føresetnad for å kunne utarbeide treffsikre tiltak.

**Målgruppene** for rapporten er alle som jobbar for å oppnå auka politisk deltaking blant innvandrarbefolkninga. Rapporten vil såleis vere nyttig for frivillige organisasjonar, politiske parti, sentrale styresmakter og andre offentlege aktørar som jobbar overfor innvandrarbefolkninga.

**Bruk av sentrale omgrep.** Det vil gjennom rapporten bli presentert statistikk over valdeltakinga blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre. Denne statis-



RAPVALG 2009 mobiliserte unge veljarar til å delta i valet. Sjå [www.rapvalg.no](http://www.rapvalg.no). Foto: Dino Prohic/IMDi.

tikken baserer seg i all hovudsak på datamateriale henta frå SSB.<sup>3</sup> I august 2008 gjekk SSB vekk ifrå omgrepa «ikkje-vestlege» og «vestlege» innvandrarar. Denne inndelinga er blitt erstatta med ei ny landgruppering. Nyare statistikk frå SSB nyttar i dag omgrepa «innvandrar» og «norskfødde med innvandrarforeldre».<sup>4</sup>

Ein del av statistikken som blir omtala i denne rapporten, blei samla inn før august 2008. Når denne statistikken blir omtala, vil vi bruke dei tidlegare omgrepa «vestleg» og «ikkje-vestleg» innvandrarar.

Rapporten presenterer også forskning der omgrepa «ikkje-vestlege» og «vestlege» innvandrarar blir brukt. Når vi omtalar denne forskinga, vil vi nytte dei same omgrepa som forfattarane av forskinga gjer.

Dersom det ikkje er nødvendig å skilje mellom dei to gruppene «innvandrarar» og «norskfødde med innvandrarforeldre», vil «innvandrarbefolkninga» somme tider blir brukt som ei samnemning på dei to gruppene.

3 Mellom anna Henriksen 2010 og Aalandslid 2008.

4 Når det er behov for å dele innvandrargruppa i to, nyttar SSB følgjande inndeling: 1. EU/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia, New Zealand. 2. Aust-Europa utanom EU, Asia (inkl. Tyrkia), Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand. For meir informasjon om SSB sine omgrep, sjå: [www.ssb.no](http://www.ssb.no).

## 2 Kven kan røyste, og kven brukar retten til å røyste?

**Høg valdeltaking blir av mange oppfatta som sjølv legitimiteten til det politiske systemet, og blir sett på som ein viktig føresetnad for demokratisk styresett.**

Dette blir understreka av styresmaktene i Stortingsmelding nr. 33 *Eit sterkt lokal-demokrati*:

«Det representative demokratiet utgjer kjernen i det norske folkestyret. Derfor bør valdeltakinga generelt sett vera høg, og veljargrupper i alle lag av folket bør delta i størst mogleg grad. Av same grunn meiner regjeringa at det òg er viktig at representativiteten i dei folkevalde organa vert godt ivareteken. Mangfald av oppfatningar er viktig for politikken» (St.meld. nr. 33 (2007–2008):44).

Føremålet med val er først og fremst å peike ut parti og politikarar som skal sitje på Stortinget, i kommunestyra og på fylkestinga og ta avgjersler som har konsekvensar for innbyggjarane i landet, fylka og kommunane dei neste fire åra. I tillegg har val ein viktig funksjon i seg sjølv ved at det er ei stadfesting av eit demokratisk system med frie val (Bjørklund 2005). I det norske demokratiet har likevel ikkje alle innbyggjarane like rettar til å delta i sentrale politiske vedtaksprosessar. Krav til røysterett er gitt i Grunnlova og lov om stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval (vallova).<sup>5</sup>

I Noreg blir det gitt røysterett ved stortingsval til norske statsborgarar som er fylt 18 år, eller som fyller det i valåret. For å få norsk statsborgarskap må ein oppfylle fleire krav, mellom anna er det krav om sju års butid i Noreg, krav om gjennomført norskopplæring med meir (Henriksen 2010).

Ved kommune- og fylkestingsval blir det gitt røysterett til norske statsborgarar som er fylt 18 år, eller som fyller det i valåret. I tillegg

har også innbyggjarar som oppfyller dei nemnde alderskriteria og har budd meir enn tre år i Noreg, røysterett. Frå og med lokalvalet i 2003 fekk alle nordiske statsborgarar røysterett dersom dei var innvandra før 31. mai i valåret.

Dette betyr at det bur mange i Noreg som studerer, har eit betalt arbeid, betalar skatt og deltek på ulike samfunnsarenaer utan at dei har røysterett.

Røysteretten representerer ifølgje Rose (2005) eit svært viktig kriterium for eit fullverdig medlemskap i det politiske fellesskapet. Han tolkar også det å la vere å røyste som ei forsøming og ei fornektning av fellesskapet sine kjerneverdier, og ei fornærming mot forfedrane våre sin kamp for å gi oss retten til å røyste ved val. Han meiner at det først og fremst er ei moralsk, og ikkje ei juridisk, forplikning knytt til det å røyste ved val.

**«Mangfald av oppfatningar er viktig for politikken.»**

**Kor mange i innvandrarbefolkninga har røysterett?**

### Stortingsval

Første gongen SSB registrerte innvandrarbefolkninga si valdeltaking, var ved stortingsvalet i 1997. Talet på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som har røysterett, har auka kraftig sidan den gongen. Medan det i 1997 var 70 000 personar dette gjaldt, så var talet ved stortingsvalet i 2009 oppe i 163 000. Dette gir ein vekst på 133 prosent i perioden 1997–2009 når det gjeld innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre som har røysterett.

Det er særleg innvandrarar med bakgrunn frå Asia (inkl. Tyrkia), Afrika og Latin-Amerika

<sup>5</sup> Kjelde: <http://www.ssb.no/val> og Henriksen 2010.

**Tabell 1 Røysteføre norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn frå utvalde landgrupper i 1997, 2005 og 2009. \* Det er ikkje registrert manntalsopplysningar ved valet i 1997 for desse landgruppene (kjelde: Henriksen 2010).**

Landbakgrunn	1997	2005	2009	Endring i absolute tal 1997-2009	Endring i prosentpoeng
Røysteføre i alt	3 311 190	3 421 741	3 530 785	219 595	7
Røysteføre med innvandrarbakgrunn	70 007	122 071	163 103	93 096	133
Aust-Europa	8836	23 211	32 158	23 322	264
Asia, Afrika, Latin Amerika, inkl. Tyrkia	39 894	80 072	113 051	73 157	183
Pakistan	6156	12 786	16 586	10 430	169
Vietnam	6423	10 986	12 718	6295	98
Iran	3422	6856	9327	5905	173
Bosnia-Hercegovina	*	7030	8845	*	*
Irak	*	2976	8425	*	*
Tyrkia	3040	6380	7999	4959	163
Somalia	*	3336	7029	*	*
Sri Lanka	2432	5344	6645	4213	173
Serbia/Kosovo	2443	4404	5984	3541	145
Filippinane	2500	4191	5459	2959	118
Polen	3000	4255	4518	1518	51
Marokko	2024	3363	4318	2294	113
Chile	1986	3629	4294	2308	116
India	1845	3300	4217	2372	129
Russland	*	1651	3329	*	*
Thailand	*	1662	2770	*	*
Kina	1258	2176	2695	1437	114
Eritrea	*	1175	*	*	*

som bidreg til den store veksten (tabell 1). Av dei 163 000 med røysterrett var over 17 000 av desse norskfødde med innvandrarforeldre. Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde 4,6 prosent av dei røysteføre i 2009. Kvar desse røystene har mest tyngde, varierer i ulike delar av landet. I Oslo var denne gruppa spesielt viktig fordi ho utgjorde heile 14 prosent av alle røysteføre (Henriksen 2010).

**Ane jienat!**

### Lokalval

Ni prosent av befolkninga, eller vel 415 000 personar, hadde innvandrarbakgrunn ved starten av 2007. 280 000 hadde røysterrett ved lokalvalet same året. 100 000 av desse hadde vestleg bakgrunn, og 180 000 hadde ikkje-vestleg bakgrunn. Ved lokalvalet i 2007 utgjorde ikkje-vestlege innvandrarar<sup>6</sup> fem prosent av alle med røysterrett. Dette er ein stor auke frå 1983, då utanlandske statsborgarar fekk røysterrett. Det er fleire grunnar til at talet på innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som har røysterrett har auka over tid. Dette heng saman med ein generell auke i innvandringa til landet og med at denne gruppa har ei meir ungdomleg aldersfordeling enn resten av befolkninga (Aalandslid 2008).

<sup>6</sup> Talmaterialet frå dette valet er basert på data som følgde SSB sine gamle standardar «vestlege» og «ikkje-vestlege» innvandrarar. Frå august 2008 har SSB innført nye definisjonar, sjå kap. 1 i denne rapporten.

**Figur 1 Valdeltaking blant den røysteføre innvandrarbefolkninga ved stortingsvalet i 2009 og lokalvalet i 2007 (Kjelde: Henriksen 2010 og Aalandslid 2008).**

**Valdeltaking blant den røysteføre innvandrarbefolkninga (kjelde: SSB)**

- Stortingsvalet 2009
  - 52 prosent av alle røysteføre innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre røysta.
  - 48 prosent av alle røysteføre innvandrarar med bakgrunn som om lag tilsvarer kategorien «ikkje-vestleg» røysta.\*
- Lokalvalet 2007
  - 37 prosent av alle røysteføre norske statsborgarar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn røysta.
  - 28 prosent av alle røysteføre ikkje-vestlege, utanlandske statsborgarar røysta.

\* Her gjelder dette personar med bakgrunn frå Aust-Europa utanom EU, Asia (inkl. Tyrkia), Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand.

**Kven brukar retten til å røyste?**

I figur 1 ser vi kor mange av dei røysteføre innvandrarane som røysta ved stortingsvalet i 2009 og lokalvalet i 2007.

Ved stortingsvalet i 1997 var valdeltakinga blant personar med innvandrarbakgrunn 63 prosent. Ved stortingsvala i 2001, 2005 og 2009 har valdeltakinga blant denne gruppa vore 52-53 prosent. For befolkninga elles, har valdeltakinga ved dei fire siste stortingsvala vore meir stabil: om lag tre av fire har røysta ved desse vala (Henriksen 2010).

Når det gjeld utviklinga av valdeltakinga blant ikkje-vestlege innvandrarar ved stortingsval, så ser vi i tabell 2 at denne gruppa hadde ein auke på fire prosentpoeng frå valet i 2001 til valet i 2005, og ein nedgang på eitt prosentpoeng frå 2005 til 2009.<sup>7</sup>

<sup>7</sup> Tala for 2009 omfattar personar med innvandrarbakgrunn frå Aust-Europa utanom EU, Asia (inkl. Tyrkia), Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Oseania utanom Australia og New Zealand. Tala frå 2001 og 2005 omfattar personar med innvandrarbakgrunn frå Asia med Tyrkia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Aust-Europa.

**Tabell 2 Valdeltaking blant røysteføre innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn ved stortingsvala i 2001, 2005 og 2009. Prosent. (Kjelde: SSB)<sup>8</sup>.**

	Innvandrarbefolkninga totalt	Innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn
<b>Stortingsvalet 2009</b>	52	48
<b>Stortingsvalet 2005</b>	53	49
<b>Stortingsvalet 2001</b>	52	45

**«Fire prosentpoeng auke i valdeltakinga blant ikkje-vestlege frå 2001 til 2005.»**

Dersom vi ser landet under eitt, var det berre tre prosent av røystene som kom frå ikkje-vestlege innvandrarar ved lokalvalet i 2007, medan dei utgjorde fem prosent at alle røysteføre i landet. Dette representerer likevel ikkje noko nytt når det gjeld deltakinga blant minoritetar ved norske lokalval: Heilt sidan utanlandske statsborgarar fekk retten til å røyste, og ved alle val der SSB har målt deltakinga for norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn, så har valdeltakinga aldri vore på same nivå som i befolkninga elles (Aalandslid 2008). Det er likevel store variasjonar mellom grupper med ulik landbakgrunn når det gjeld valdeltaking. Dette blir drøfta nærare i kapittel 3.

Det finst ulike tilnærmingar til spørsmålet om kva som påverkar ulike grupper til å røyste eller ikkje å røyste. Ein av forklaringsmodellane er å sjå valdeltaking i forhold til variablar som alder, kjønn, bustad og inntekt. Desse variablane viser korleis valdeltakinga varierer mellom ulike grupper i befolkninga. Henriksen (2010) presiserer at vi har mindre kunnskap om valdeltaking når det gjeld innvandrarbefolkninga enn befolkninga elles. Ho meiner likevel at det er grunn til å tru at også innvandrarbefolkninga si deltaking ved val vil variere etter nokre av dei same variablane som for befolkninga elles. Nokre kjenneteikn

<sup>8</sup> Sjå fotnote 7.

ved innvandrarbefolkninga i Noreg er nettopp at dei har lågare utdanning, sysselsetjing og inntekt enn befolkninga elles, i tillegg til at dei som gruppe er yngre enn resten av befolkninga. Dei unge røystar i mindre grad enn dei eldre. Desse forholda, og ei rekkje andre forhold, blir drøfta nærare i kapittel 5.

**«Innvandrarbefolkninga er ei samansett gruppe, og kva som påverkar dei ulike gruppene sin motivasjon til å røyste, vil variere.»**

### **Utvikling av politisk deltaking blant kvinner**

Når vi drøftar valdeltakinga blant innvandrarbefolkninga, kan det vere nyttig å også kaste eit blick mot utviklinga av kvinner si politiske deltaking. I 2010 er det 100 år sidan kvinner fekk røysterett ved lokalval. Tre år etter, i 1913, fekk kvinnene røysterett ved stortingval. Trass i at det i 1910 blei opna for politisk deltaking uavhengig av kjønn, skulle det ta lang tid før kvinnene markerte seg på lik line med mennene som veljarar, folkevalde og som innehavarar av lokalpolitiske maktposisjonar (Flo og Aars 2010). Ved det første valet

der kvinner deltok, hadde dei ei valdeltaking som var 20 prosentpoeng lågare enn for mennene. Valdeltakinga mellom kjønna har utjamna seg, men i små steg. Først i 1987 var deltakinga mellom menn og kvinner omlag lik, og etter den gongen har kvinner faktisk hatt ei noko høgare valdeltaking enn menn.

Kvifor tok det så lang tid før menn og kvinner blei jamstilde når det gjaldt valdeltaking? Flo og Aars (2010) forklarar dette med at det å ha dei same formelle politiske rettane ikkje nødvendigvis fører til at det i *praksis* er like enkelt å hevde seg innanfor politisk deltaking. På trass av like formelle politiske rettar blei kvinnene hemma av tradisjonelle kvinne-mønster, og dei hadde framleis svakare juridiske rettar enn menn. Det handlar altså om ei utvikling frå å få politiske rettar til faktisk politisk deltaking i praksis.

Kan det vere at slik som kvinnene opplevde hindringar for å nytte seg av moglegheita til politisk deltaking i førre hundreåret, slik kan andre grupper av befolkninga oppleve barrierar for politisk deltaking i samfunnet i dag? Vi bør i alle fall ta inn over oss lærdomen om at det er forskjell på *formell* og *reell* tilgang til politisk innverknad.



IMDi og KIM hadde stand på Mela-festivalen før lokalvalet i 2007. Foto: Ellen Stokland/IMDi.



### 3 Innvandrarak som politiske aktørar

#### Grupper med ulike landbakgrunn har store forskjellar i valdeltakinga.

Vi skal no sjå nærare på korleis dei ulike gruppene røystar, og i kva grad dei er representerte der politiske avgjersler blir tekne.

#### Valdeltaking blant ulike landgrupper

Det er viktig å hugse at innvandrarbefolkninga er ei samansett gruppe, og at det er store skilnader mellom dei ulike landgruppene si valdeltaking.

#### Stortingsval


Figur 2 viser variasjonen i valdeltakinga mellom ulike innvandrargrupper ved stortingsvala i 2005 og 2009 (kjelde: SSB).

Vi ser at det er store forskjellar i valdeltakinga mellom innvandrarak frå Sri Lanka og innvandrarak frå Kosovo; skilnaden for deltakinga ved valet i 2009 ligg på heile 38 prosentpoeng. Landgruppene Sri Lanka og India har over tid hatt høg valdeltaking. Innvandrarak frå Balkan har svært låg valdeltaking. Den største auken i deltakinga frå 2005 til 2009 finn vi blant innvandrarak med bakgrunn frå Marokko.

«Valdeltakinga for personar med innvandrarakbakgrunn var ved stortingsvalet i 2009 heile 25 prosentpoeng lågare enn valdeltakinga for befolkninga sett under eitt.»

## Skorzystaj z Twojego prawa głosu!

Figur 2 Stortingsvalet i 2005 og 2009. Prosentvis deltaking av røysteføre etter utvalde landbakgrunnar.<sup>9</sup>(Kjelde: SSB).



<sup>9</sup> Valdeltakinga blant dei røysteføre frå Afghanistan, Kroatia og Kosovo i 2009 kan ikkje samanliknast med valdeltakinga blant desse gruppene i 2005, då SSB ikkje har publisert statistikk frå disse landgruppene kvar for seg frå 2005.



Ved stortingsvalet i 2009 såg SSB for første gong nærare på valdeltakinga blant norskfødde barn av innvandrare. I 2009 var det over 17 000 personar i denne gruppa som hadde røysterett. Å sjå nærare på denne gruppa er interessant, for på den eine sida kan vi forvente at deltakinga er høg, ettersom personar i denne gruppa er fødte og oppvaksne i Noreg, meistrar norsk, har gått på norske skular og truleg har betre kjennskap til det politiske systemet enn foreldra sine. På den andre sida består gruppa av unge personar. Valdeltakinga blant unge er som kjent låg (Henriksen 2010).

51 prosent av dei norskfødde med innvandrarforeldre deltok ved valet i 2009. Dette er under gjennomsnittet for unge i Noreg sett under eitt. Men dei norskfødde med innvandrarforeldre skil seg positivt ut når vi samanliknar dei med alle med innvandrarbakgrunn i alderen 18–25 år. Dei har 11 prosentpoeng høgare deltaking enn alle i denne gruppa (Henriksen 2010).

### Lokalval

Valdeltakinga varierer mellom ulike grupper, også ved lokalvala. Ved lokalvalet i 2007 var det spesielt låg deltaking blant innvandrare frå Aust-Europa. Her var det berre 22 prosent av dei utanlandske statsborgarane og 32 prosent av dei norske statsborgarane som røysta. Utanlandske statsborgarar frå Sri Lanka hadde høgast deltaking med 39 prosent (Aalandslid 2008). Som ved rikssval har somaliarane utmerkt seg gjennom ein auke i valdeltakinga også ved lokalval.

Tabell 3 viser valdeltakinga blant innvandrarbefolkninga ved lokalvala i 2003 og 2007. Tabellen viser at norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn har høgare deltaking enn utanlandske statsborgarar med røysterett. Denne forskjellen gjeld ikkje berre innvandrare frå ikkje-vestlege land; også blant innvandrare frå vestlege land er det ei høgare deltaking blant dei med norsk statsborgarskap enn blant dei med utanlandsk statsborgarskap.

**Tabell 3 Valdeltaking blant innvandrarbefolkninga ved lokalvala i 2003 og 2007. (Kjelde: Ot.prp. nr. 32 / SSB).**

Valdeltaking i utvalet av norske statsborgarar med innvandrarbakgrunn (prosent)		
	2003	2007
I alt	41	40
Norden	68	66
Vest-Europa bortsett frå Tyrkia	60	64
Aust-Europa	36	31
Nord-Amerika og Oseania	61	65
Asia med Tyrkia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika	36	38
Valdeltaking i utvalet av utanlandske statsborgarar med røysterett (prosent)		
	2003	2007
I alt	34	36
Norden	37	41
Vest-Europa bortsett frå Tyrkia	43	44
Aust-Europa	21	22
Nord-Amerika og Oseania	45	46
Asia med Tyrkia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika	26	30

**«Innvandrarbefolkninga er ei gruppe i sterk og konstant vekst. Dersom det ikkje hadde blitt tilført nye veljarar heile tida, er det nærliggjande å tru at deltakinga hadde auka.»**

### Butid og alder

For å forstå kvifor valdeltakinga går opp eller ned for gruppene, må vi sjå nærare på kva som kjenneteiknar den enkelte gruppa. Alderssamansetnad og butid kan vere sentrale forklaringsfaktorar i denne samanhengen. Innvandrarbefolkninga er ei gruppe i sterk og konstant vekst. Tek vi med heile minoritetsbefolkninga, både med og utan norsk statsborgarskap, var det nesten ei dobling frå 1999 til 2007. På grunn av samanhengen mellom butid og valdeltaking vil auken i gruppa påverke valdeltakinga. Det er ikkje sikkert at det nødvendigvis har blitt lågare valdeltaking blant dei som opphavleg var i gruppa, men dei nye som er komne til, har lågare valdeltaking og trekkjer dermed snittet ned. Dersom ikkje innvandrarbefolk-

ninga hadde blitt tilført nye veljarar, er det nærliggjande å tru at deltakinga hadde auka (Aalandslid 2008).

### Innvandrarar røystar mot venstre


Innvandrarar røystar på partia på venstresida i langt større grad enn resten av befolkninga. Ved lokalvalet i 2007 fekk AP, SV og RV tre av fire av røystene som kom frå innvandrarbefolkninga.<sup>10</sup> Som vi ser i figur 3, viser dette også igjen når vi ser på partitilhøyrsla til dei valde kommunestyrerepresentantane med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn (Aalandslid 2008).

Det kan vere fleire forklaringar på dette stemmemønsteret. Éi mogleg forklaring kan vere ei oppfatning av at det er dei venstreorienterte partia som i størst grad har forsvart typiske innvandrarinteresser. Det er også nærliggjande å tru at ein del bakgrunnsfaktorar som låg utdanning, låg inntekt med meir disponerer innvandrarar til å røyste mot venstre. Ei anna forklaring kan også vere at dei ønskjer å røyste på kandidatar frå si eiga landgruppe, som jo ofte er plasserte på listene til partia på venstresida.

Sjølv om innvandrarane røystar på venstresida, plasserer dei seg i sentrum når dei blir bedne om å plassere seg sjølv på den ideologiske venstre-høgre-skalaen. Dette er særleg tydeleg når det gjeld SV-veljarane. Desse skil seg frå dei andre SV-veljarane, som tydeleg plasserer seg på den ideologiske venstresida (Bergh og Bjørklund 2009 og Bergh, Bjørklund og Aalandslid 2008). Dette kan verke som eit paradoks og reiser spørsmål om til dømes partia har klart å formidle dei politiske plattformene sine på ein tydeleg måte overfor denne gruppa av veljarar.

Det er ikkje berre i Noreg at innvandrarane røystar mot venstre. Dette er eit fenomen som er registrert i ei rekkje land, noko som

**Figur 3**  
Kommunestyrerepresentantar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn prosentvis fordelt på parti. Kommunestyrevalet 2007\*. N=140



\* Kategorien Andre er inklusive 1 representant på fellesliste SV/RV

kan tyde på at fenomenet neppe vil forsvinne raskt. Samtidig er det grunn til å tru at til meir integrerte innvandrarbefolkninga blir, til meir kan vi forvente at dei får eit stemmemønster som liknar stemmemønsteret til resten av befolkninga (Bergh og Bjørklund 2009).

### Listeretting

Innvandrarar nyttar seg av moglegheita til listeretting i større grad enn andre. Ved valet i 2007 var det 64 prosent av innvandrarane som listeretta, mot 40 prosent av veljarane totalt (Bergh, Bjørklund og Hellevik 2010). Listeretting har vore viktig for innvandrarane sin representasjon i kommunestyra, særleg i kommunar med mange innvandrarar. Dette fenomenet er også registrert i Danmark. Ei forklaring på fenomenet kan vere at dei tette sosiale nettverka i innvandarmiljøa legg til rette for ei samla røystegiving. Å bli vald via listeretting er likevel ikkje berre uproblematisk. Det kan bety at ein er blitt vald på grunn av veljarane sine stemmetillegg og ikkje nødvendigvis at ein tilhøyrer partileiinga sin inste krets. Dette kan gjere det vanskelegare for dei som har kome inn i kommunestyra på denne måten, å gjere lokalpolitisk karriere (Bergh, Bjørklund og Hellevik 2010).

<sup>10</sup> Datamaterialet er frå eit samarbeid mellom SSB og ISF (Institutt for samfunnsforskning) der 750 ikkje-vestlege innvandrarar blei intervjuet om valdeltakinga si (Aalandslid 2008).



Afshan Rafiq (H)



Saera Khan (AP)



Hadia Tajik (AP)



Akhtar Chaudhry (SV)

## Kven er representerte der politiske avgjersler blir tekne?

«Representasjon av innvandrere i folkevalgte organer viser et sprikende mønster. Det er nærmest fiasko på nasjonalt nivå, og suksess lokalt» (Bjørklund 2010:10).

Stortinget har hatt få representantar frå den ikkje-vestlege innvandrarbefolkninga. I 2001 blei den første representanten vald inn. I 2005 blei den andre vald inn, og i 2009 blei den tredje representanten frå vår ikkje-vestlege innvandrarbefolkning vald inn på Stortinget (Bjørklund 2010). Desse er Afshan Rafiq (H), Saera Khan (AP) og Hadia Tajik (AP). I tillegg til desse, kan det nemnast at Akhtar Chaudhry (SV) vart fjerde visepresident på Stortinget i 2009. Han har vore vararepresentant sidan 2001, og møtt fast som representant sidan 2007.

I lokaldemokratiet, derimot, er ikkje innvandrane underrepresenterte så lenge vi tek omsyn til den underliggjande befolknings-samansetnaden. Det er størst konsentrasjon av innvandrarak i dei store byane og i ein del kommunar i Akershus. I desse områda er innvandrane godt representerte i lokaldemokratiet (Aalandslid 2008).

Bjørklund (2010) har sett nærare på forventa representasjon av innvandrarak i kommunane ut frå to faktorar: talet på ikkje-vestlege innvandrarak i ein kommune og talet på kommunestyrerepresentantar i same kommune. Han fann då at ikkje-vestlege innvandrarak er overrepresenterte (i forhold til befolkningsstorleiken) i seks kommunar. Dette blir først og fremst forklart med bruken av listeretting, der representantane blir løfta fram av veljarane sine tilleggsstemmer (Bjørklund 2010).

Bergh og Bjørklund (2009) har også funne at deltakinga er høgast der mange av innbyggjarane er innvandrarak. Innvandringstettleiken i valkrisen kan altså spele ei rolle for valdeltaking. Heile 53 prosent av den ikkje-vestlege innvandrarbefolkninga bur nettopp i desse seks kommunane som har innvandrarak godt representert i kommunestyra (Bjørklund 2010). Sjå figur 4 for fleire fakta om representasjon etter lokalvalet i 2007.

**Figur 4 Fakta om representasjon i kommunestyra etter lokalvalet i 2007.**

### Representasjon ved lokalvalet i 2007

- 140 ikkje-vestlege representantar blei valde inn i by- og kommunestyra.
- Dei 140 representantane har bakgrunn frå 44 land (88 frå Asia, 22 frå Afrika, 20 frå Aust-Europa og 10 frå Latin Amerika).
- Dei 140 representantane med ikkje-vestleg bakgrunn fordeler seg mellom 79 kommunar. 85 prosent av desse er representerte i sentrale kommunar (og særleg austlandskommunane).
- Ved lokalvalet i Oslo i 2007 utgjorde ikkje-vestlege innvandrarak 15 prosent av dei røysteføre. På grunn av låg deltaking kom berre ni prosent av alle gitte røyster frå denne gruppa. Likevel blei heile 17 prosent av dei valde representantane i bystyret ikkje-vestlege innvandrarak.
- Dersom ein reknar forventa representasjon av innvandrarak ut frå talet på ikkje-vestlege innbyggjarar og talet på kommunestyrerepresentantar i den aktuelle kommunen, finn ein ifølgje Bjørklund (2010) at seks kommunar har ein overrepresentasjon av ikkje-vestlege innvandrarak (sett i forhold til befolkningsstorleiken) i kommunestyra. Dette gjeld følgjande kommunar:
  - Skedsmo
  - Stavanger
  - Trondheim
  - Drammen
  - Lørenskog
  - Oslo

Kjelde: Aalandslid 2008 og Bjørklund 2010.

Valordninga, med moglegheita til å gi personstemmer ved lokalval og ikkje ved riksvæl, kan vere ei av forklaringane på at innvandrarakar ikkje har blitt like godt representerte på Stortinget som i kommunestyra (Bergh og Bjørklund 2009).

**«Lokalpolitikarar med minoritetsbakgrunn gjer systematisk dårlegare karriere innan kommunepolitikken enn dei andre kommunestyremedlemmane.»**

Det er interessant å leggje merke til at innvandrarkvinnene er bra representerte i lokaldemokratiet, både blant listekandidatar og blant valde representantar. Ved lokalvalet i 2007 var nesten halvparten (46 prosent) av dei valde representantane med ikkje-vestleg bakgrunn kvinner, mot 38 prosent av alle representantar (Aalandslid 2008).

Dei etniske minoritetane som er relativt godt representerte i kommunestyra etter valet i 2007, er dei same som generelt har ei høgare valdeltaking enn gjennomsnittet blant innvandrarakar med ikkje-vestleg bakgrunn.

Iranarakar har vel å merke hatt låg valdeltaking, men blei likevel godt representerte i kommunestyra etter valet i 2007 (Bergh og Bjørklund 2009).

Kva betyr den relativt gode representasjonen av etniske minoritetar i kommunestyra for den politiske karrieren til minoritetane? At etniske minoritetar er godt representerte i ein del kommunestyre rundt om i landet, er ikkje det same som at dei gjer ein tilsvarende politisk karriere som andre kommunestyrerepresentantar. Ifølgje Bergh og Bjørklund (2009) har ingen blitt ordførarakar, og svært få er blitt medlemmar i formannskapet. Lokalpolitikarar med minoritetsbakgrunn gjer systematisk dårlegare karriere innan kommunepolitikken enn dei andre kommunestyremedlemmane. Ei forklaring på dette kan vere at dei ofte har blitt valde gjennom veljarane sine listerettingar, noko som kan bety at dei i utgangspunktet ikkje er blant dei som partileiinga sjølv har valt ut (Bergh og Bjørklund 2009). Med dette i mente blir det relevant å spørje seg om kommunestyrerepresentantar med innvandrarakarbakgrunn har den same innverknaden på lokalpolitikken som dei andre representantane.



Annonsering på T-banen i Oslo som oppmoda folk om å røyste.

## 4 Nyttar innvandrarak alternative kanalar for deltaking?

**Politisk deltaking handlar om meir enn berre deltaking i val. Mange i innvandrarakbefolkninga er meir aktive på andre arenaer, som i direkte aksjonar og demonstrasjonar.**

Valdeltakinga er fallande for alle grupper av befolkninga, dette på tross av auka informasjonstilgang og auka utdanning, noko som i utgangspunktet skulle leggje forholda til rette for oppgang heller enn nedgang i valdeltaking. Bjørklund og Saglie (2009) meiner at når forholda no ligg til rette for auka deltaking, så har dette gitt seg utslag i andre former for deltaking, som underskriftskampanjar og direkte kontakt med politikarar. Strømsnes skildrar utviklinga for deltaking slik:

«Forenklet kan vi si at mens 1950-tallets deltakelsesform var stemmegiving, partipolitikk og fagforeningsarbeid, var 1960- og 1970-tallets form de nye sosiale bevegelsene og de nye deltakelsesformene som fulgte med dem, blant annet deltakelse i direkte aksjoner. På 1980- og 1990-tallet blir økonomiske virkemidler, politisk forbruk og brukermedvirkning viktigere» (Strømsnes 2003:29).

Alternative meningsytringar kan til dømes vere når omlag 115 000 menneske gjekk i protesttog mot krig i Irak i februar 2003 og omlag 40 000 menneske gjekk i fakkeltog mot rasisme i Oslo tre år tidlegare etter drapet på Benjamin Hermansen.

Etniske nordmenn er i større grad medlemmar av politiske parti enn innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre. Vi kan sjå på innvandrarak som ei relativt ny sosial gruppe som har fått tildelt politiske rettar. Bjørklund og Bergh (2005) spør seg om det kan vere lettare for dei å søkje til former for deltaking som er på frammarsj, enn former som er i tilbakegang. Dei finn at innvandrarak er meir aktive enn andre i deltakingsformer som vitnar om eit visst protestpotensial, det vil seie lovlege og ulovlege demonstrasjonar.

### Medlemskap i organisasjonar

Medlemskap i organisasjonar er ein annan alternativ kanal for innverknad. Staten og kommunane har gjennom økonomiske støtteordningar oppmuntra innvandrarakbefolkninga til å etablere interesseorganisasjonar. I Stortingsmelding nr. 49 (2003–2004) blir innvandrarakforeiningar omtala som viktige demokratiske aktørar og viktige talerøyr mellom innvandrarakbefolkninga og styresmaktene. Døme på slike arenaer for innverknad er KIM (Kontaktutvalet mellom innvandrarakbefolkninga og styresmaktene)<sup>11</sup> og dei mange innvandrarakråda som er oppretta i fleire norske kommunar og fylke. Det finst også ei lang rekkje andre innvandrarakforeiningar og organisasjonar i Noreg, med ulik fokusering og forskjellige typar aktivitetar. Nokre er politisk orienterte, medan andre kan ha ei humanitær, religiøs eller kanskje sportsleg orientering.

Kva rolle innvandrarak spelar i lokaldemokratiet, er eitt av fleire tema som blir omtala i Stortingsmelding nr. 33 *Eit sterkt lokaldemokrati*. Her kjem det fram at:

«Det er departementet sitt syn at når innvandrarakane ikkje deltek i val eller oppnår representasjon i folkevalde organ på lik line med resten av innbyggjarane, bør kommunane leggja til rette for at innvandrarakane får innverknad på lokal styring på anna vis» (St. meld. nr. 33 (2007–2008):86).

I dette ligg det mellom anna ei oppmoding om at kommunane går i dialog med innvandrarakane om korleis kommunale tenester skal utformast. Brukarfora eller samarbeid med innvandrarakorganisasjonar kan vere ein måte å oppnå medverknad for innvandrarak på.

<sup>11</sup> KIM er eit utval som er oppnemnt av regjeringa og gir råd til styresmaktene i minoritetsspørsmål. I tillegg fungerer KIM som ein dialogarena der representantar for minoritetane møter politikarar og ansvarlege personar frå forvaltninga for å drøfte aktuelle spørsmål. Medlemmane i KIM blir utnemnde for ein fireårsperiode etter forslag frå minoritetsorganisasjonar (kjelde: www.kim.no).





IMDi og KIM på stand for å informere om korleis ein kan røyste ved valet.  
Foto: Trine Næss/IMDi.

Å delta i organisasjonar er ikkje eit fullgodt alternativ til å delta i val. Nyhagen Predelli (2006) påpeikar at organisasjonane på sitt beste berre kan verke utfyllande, eller til ein viss grad kompensere, for manglande formell politisk representasjon. Samtidig søker ofte styresmaktene råd hos innvandrorganisasjonane, for eksempel ved at dei blir tekne med på høyringar før offentleg politikk blir vedteken og sett i verk.

I den seinare tida har Bjørklund og Bergh (2005) funne at innvandrorganisasjonar med eit bestemt etnisk utgangspunkt har medverka til å mobilisere til val. Den sterke representasjonen av norsk-pakistarar i Oslo bystyre heng ifølgje desse forskarane saman med norsk-pakistanske foreiningar som rekrutterar kandidatar til listene, mobiliserer veljarar som dei oppmodar til ikkje berre å velje den «rette» partilista, men krysse av på bestemte personar.

### Har innvandrorganisasjonar reell makt og innverknad?

Både den danske maktutgreiinga (Hammer og Bruun 2000), svensk forskning (Dahlstedt 2003) og den norske maktutgreiinga (Rogstad 2002) konkluderer med at organisasjonane til dei etniske minoritetane har ei marginal politisk rolle og ein nokså avgrensa innverknad. Dette kan henge saman med at organisasjonane er avhengige av offentleg stønad for å kunne drive verksemdene sine, noko som ifølgje Dahlstedt (2003) kan føre til at dei tek ei kulturbevarande rolle. Dessutan var det berre ein fjerdedel av innvandrorganisasjonane som var med i studien til Nyhagen Predelli (2006), som sa at dei faktisk blir bedne om å uttale seg om ulike politiske problemstillingar.

Allern, Helgesen og Nyhagen Predelli gjorde i 2001 ein casestudie av KIM. Dei fann at utvalet hadde ein faktisk innverknad på norsk politikktutforming. Graden av innverknad varierte rett nok frå sak til sak, men dei meinte at KIM, gjennom å delta i høyringsrundar, setje saker på dagsorden, lage egne utgreiingar og så vidare, har ein viss grad av politisk innverknad.

Melve (2003) fann i ein studie av KIM i Hordaland og Rådet for innvandrorganisasjonar<sup>12</sup> i Oslo at graden av politisk innverknad er knytt til geografi. Funna indikerer at det kan vere større politisk vilje til å inkludere innvandrarar i avgjerdsprosessar i Oslo enn andre stader. Dette blir støtta av Nyhagen Predelli (2006), som også finn at foreiningar lokaliserte på by- og regionnivå eller nasjonalt nivå har større sjanse for å bli inviterte til å vere med i høyringar enn foreiningar lokaliserte i nabolag, bygder eller tettstader.

**Hãy sử dụng quyền bầu cử của bạn!**

<sup>12</sup> Rådet for innvandrorganisasjonar er eit råd som fungerer som ein høyringsinstans. Rådet uttaler seg i flyktning- og innvandrarsaker og er engasjert i ei rekkje saker, som rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn til Oslo kommune (kjelde: [www.innvandrerradet.com](http://www.innvandrerradet.com)).



## 5 Kva påverkar valdeltakinga?

**Ei lang rekkje deltakingsfremjande og deltakingshemmande faktorar vil påverke om den enkelte vel å røyste eller ikkje. Både trekk ved den enkelte og strukturelle forhold i samfunnet påverkar valdeltakinga.**

For å kunne setje i verk nyttige og målretta tiltak for å auke valdeltakinga i dei gruppene av befolkninga som har lågast deltaking, er det viktig å ha klart for seg kva faktorar som kan påverke valdeltakinga, anten åleine eller i samspel med andre. Rogstad (2007) meiner det er heilt vesentlig å spørje seg kvifor enkelte grupper av befolkninga ikkje deltek; *ønskjer dei ikkje å delta, kan dei ikkje, bryr dei seg ikkje, eller opplever dei det som fånytt?*

Det er mange måtar å forklare kvifor ulike befolkningsgrupper har ulik grad av valdeltaking på. Eide (2006) meiner at vi best kan forstå innvandrarbefolkninga si låge valdeltaking ut frå ein tilbods- og etterspurnadsmo-  
dell. På tilbodssida finn vi kva partia har å tilby innvandrane, og som kan vere med på å auke valdeltakinga deira. Søkjer for eksempel partia kandidatar med innvandrarbakgrunn, nominerer dei innvandrane, og fører dei ein politikk som interesserer innvandrane? På etterspurnadssida finn vi innvandrane sin grad av interesse og motivasjon for politisk deltaking, evne, vilje og mot til å vise sine

eventuelle politiske ambisjonar. Han hevdar at dersom personar med innvandrarbakgrunn opplever at partileiarane og nominasjonskomiteane verken verdset eller ønskjer valdeltakinga deira, vil berre dei ivrigaste ønskje eller tore å by seg fram som kandidatar.

Ein gjennomgang av relevant forskning viser at det kan vere fornuftig å gjere som for eksempel Christensen og Midtbø (2001); å trekke eit analytisk skilje mellom to sett av forklaringsfaktorar: 1) individuelle faktorar, altså forklaringar som kan førast tilbake til eigenskapar ved enkeltindividua i eit samfunn, og 2) institusjonelle/kontekstuelle faktorar, som dreier seg om eigenskapar ved samfunnet, system og institusjonar rundt individua. Ofte vil det vere eit samspel mellom individuelle og strukturelle faktorar som utgjer forklaringa på valåtferda til den enkelte.

Vi vil her gi ein kort presentasjon av nokre moglege forklaringar på kva som påverkar valdeltakinga for ulike grupper av befolkninga. Dei viktigaste forklaringane er oppsummerte i figuren under og blir drøfta i den vidare teksten.

### Individuelle faktorar

#### Verknaden av individuelle kjenneteikn

Som for resten av befolkninga vil individuelle kjenneteikn som kjønn, alder, utdannings-

Figur 5 Moglege individuelle og strukturelle forklaringar på valdeltaking.

Individuelle forklaringar	Strukturelle forklaringar
<ul style="list-style-type: none"><li>• Individuelle kjenneteikn (kjønn, alder, utdanningsnivå, landbakgrunn, bustad, butid, arbeidstilknytning, statsborgarskap osv.).</li><li>• Interesse for politikk og kjennskap til valsystemet (f.eks. å vite at det er mogleg å drive listeretting/kjennskap til kva partia står for/kjennskap til dei ulike kandidatane).</li><li>• Kjensle av at det å røyste ved val er ei borgarplikt.</li><li>• Grad av tillit/mistillit til det politiske systemet.</li><li>• Sosial kapital og nettverk.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utforming av valordninga (kva moglegheiter har veljarane til å påverke kandidatutveljinga, og har dei moglegheit for å kumulere/drive listeretting?).</li><li>• Samansetnaden av kandidatar på partilistene (har heile elektoratet nokon å identifisere seg med?).</li><li>• Trekk ved kommunen, til dømes dekningsgrad for den kommunale tenesteytinga.</li><li>• Samansetnaden i valkrinsen (kor mange innvandrane bur i lokalsamfunnet, og korleis er den etniske samansetnaden blant desse?).</li><li>• Strukturell diskriminering.</li></ul>

nivå, landbakgrunn, bustad, butid og tilknytning til arbeidsmarknaden påverke om den enkelte vel å røyste eller ikkje. Kjente norske sosiologar som Rokkan (1966) og Martinussen (1973) meiner at individuelle ressursar langt på veg forklarar korleis individa stiller seg til det demokratiske systemet.

Den svenske etnisitetsforskarer Hammar (1990) støttar dette synet. I 1990 analyserte han ulike årsaker til at innvandrarak hadde lågare grad av politisk deltaking enn etniske svenskar. Han peika på at den låge valdeltakinga dels kan skuldast at innvandrargruppene har ein del statistiske kjenneteikn i form av låg alder, mange ugifte, låg utdanning og låg inntekt, som tradisjonelt kjenneteiknar dei gruppene som i minst grad røystar ved val. I tillegg har mange kort butid, noko som også viser seg å spele inn på graden av valdeltakinga. Vi veit at lengre butid aukar sannsynet for at innvandrarak lærer seg språket, deltek i arbeidslivet, tek utdanning eller deltek aktivt på andre arenaer og dermed internaliserer ein del normer frå det nye storsamfunnet dei er ein del av. Forsking viser for eksempel, som vi allereie har vore inne på, at innvandrarak med norsk statsborgarskap, altså dei som har budd i Noreg ei stund, har høgare valdeltaking enn dei utan.

Basert på desse diskusjonane er det nærliggjande å tru at innvandrargrupper som har høg grad av sysselsetjing og utdanning, også vil ha høgare valdeltaking enn grupper som skårar lågt på desse variablane (Henriksen 2010). SSB har testa ut denne hypotesen og finn at sjølv om det er ein svak positiv samanheng mellom sysselsetjing/utdanning og valdeltaking, så er det også mange grupper som ikkje stadfestar slike samanhengar. Eit eksempel er innvandrarak med somalisk bakgrunn. Denne gruppa har lågast sysselsetjing av gruppene i manntalet, men ei valdeltaking som ligg på gjennomsnittet. På den andre sida har innvandrarak med bakgrunn frå Vietnam og Balkan relativt høg sysselsetjing, men låg valdeltaking (Henriksen 2010). Dette viser noko av kompleksiteten på området og stadfestar at det ikkje finst

eit enkelt svar på kva som påverkar valdeltakinga i ulike innvandrargrupper.

Når vi finn at valdeltaking varierer sterkt ut frå kva nasjonal bakgrunn innvandrarak har, kan dette ifølgje Togeby (1999) bli forstått ut frå det ho kallar individuell mobilisering, og dels ut frå kollektiv mobilisering. I individuell mobilisering ligg det at politisk deltaking er knytt til dei sosiale ressursane som den enkelte har, som pengar, utdanning, yrkesstatus, språkkunnskapar og samfunnsengasjement. Kollektiv mobilisering blir derimot fremja via organisasjonar og sosiale nettverk. Dette meiner ho kan forklare kvifor enkelte etniske minoritetar har høg valdeltaking trass i svake individuelle ressursar.

### **Interesse for politikk og kunnskap om valordninga og partia**

Ei mogleg forklaring på at personar med innvandrarakbakgrunn i mindre grad deltek i val enn resten av befolkninga, kan også vere at dei manglar kunnskap om korleis det politiske systemet fungerer, kva politiske rettar dei har, kva reglar som gjeld for kven, kven som kan stille som kandidat for eit parti, og så vidare. Hammar (1990) støttar denne forklaringa og hevdar at dei viktigaste faktorane som forklarar valdeltakinga blant etniske minoritetar, er at dei har avgrensa interesse for politikk og for lite kunnskap om valsystemet. Også norsk forskning viser at kunnskap og engasjement heng tett saman. Ei undersøking om valåttferd og valinformasjon frå 1989 viser for eksempel at dei som seier at dei har lite kunnskap eller lite engasjement på det politiske planet, samtidig er dei som i størst grad saknar informasjon og synest at denne er vanskeleg å få tak i (Slaatta 1989).

Dette betyr at både kjennskap til dei politiske partia sine saker og kunnskap om korleis ein går fram for å røyste ved val, er viktige moment for å få innvandrarakbefolkninga til å røyste. IMDi har gjennomført ei rekkje informasjonstiltak retta mot denne gruppa, til dømes utsending av brev til nye statsborgarak og omsetjing av husstandsbro-

**Spre informasjon om høstens valg!**

- 16 tips til innvandrersorganisasjoner og andre frivillige

ALLE STEMME

sjyren<sup>13</sup> til fleire språk. Ettersom manglande kjennskap til dei ulike partia sin politikk kan vere ei årsak til at innvandrarar lèt vere å røyste, har IMDi også jobba målretta for å auke merksemda kring dette i dei politiske partia. Tiltaka blir skildra meir utfyllande i kapittel 7.

Ifølgje Slaatta (1989) kan befolkninga delast i to grupper: dei som følgjer med i valkampen, og dei som ikkje gjer det. Dei som følgjer med, kan igjen delast i to grupper: dei politisk interesserte som allereie har bestemt seg for parti, og dei som nyttar seg aktivt av valinformasjon for å bestemme seg. I den siste kategorien er engasjement ein føresetnad, og Slaatta meiner at graden av engasjement igjen mest truleg heng saman med graden av kunnskap. Han hevdar vidare at dei som ikkje følgjer med i valkampen, også kan delast i to grupper: dei som føler at valkampen betyr lite for røystegivinga deira, og dei som – når alt kjem til

<sup>13</sup> Husstandsbrosjyren er ein informasjonsbrosjyre som er utforma av Kommunal- og regionaldepartementet. Han inneheld viktig informasjon om korleis ein skal gå fram for å røyste ved norske val. Brosjyren blir sendt til alle norske husstandar i forkant av både stortingsval og kommune- og fylkestingval (kjelde: www.valg.no).

alt – er lite interesserte i val. Desse gruppene er, slik han ser det, viktige med tanke på kva slags informasjonsbehov og motivasjonsfaktorar som kan endre haldningane deira til å røyste. For å mobilisere desse gruppene er det truleg ikkje nok med tilrettelagd informasjon om korleis ein går fram for å røyste. Det er nærliggjande å tru at innbyggjarane i denne gruppa også har behov for å bli gjort medvitne på verdien av å ha eit demokratisk styresett og frie val.

Funna til Rogstad (2007) går vel å merke på tvers av dette. Han finn at norsk-pakistanarar som gruppe skil seg ut som svært lite interesserte i politikk. På same tid er det pakistanarar i Oslo og etterkomarane deira som blir kjenneteikna med svært høg politisk deltaking, samanlikna med andre etniske minoritetsgrupper. Som Rogstad sjølv påpeikar, er dette eit stort paradoks, og eit funn som det ikkje er lett å forklare.

Kjennskap til demokratiske grunnverdiar er eit prioritert område i handlingsplanen «*En fælles og tryk fremtid. Handlingsplan om forebyggelse af ekstremistiske holdninger og radikaliserings blant unge*», som danske styresmakter presenterte i 2009. Her er demokratisk fellesskap eitt av innsatsområda. Dei danske styresmaktene føreslår å styrkje demokrati- og medborgarskapsundervisninga i folkeskulen og i danskopplæringa for vaksne innvandrarar. Om denne typen innsats har direkte innverknad på valdeltakinga, skal vi vere varsame med å påstå her. Det er likevel nærliggjande å tru at dette vil gi innvandrane betre kjennskap til korleis det demokratiske styresettet i Danmark er bygd opp, og korleis det fungerer.

**«Dersom folk opplever det å røyste som noko viktig i seg sjølv, kan det verke mobiliserande i ein valkamp.»**

#### **Å røyste ut frå ei borgarplikt**

Ifølgje Stava (2002) er det særleg to ting som får folk til valurnene. Det eine er behovet

for å gi uttrykk for kva ein meiner. Det andre er borgarplikta. Også Christensen og Midtbø (2001) og Rose (2002) hevdar at røystegiving oppfatta som ei borgarplikt, kan ha ein gunstig effekt på valdeltakinga. Med andre ord: Dersom folk opplever det å røyste som noko viktig i seg sjølv, kan det verke mobiliserande i ein valkamp.

Ideen om at valhandlinga er ei viktig borgarplikt, har fått svekt oppslutnad dei siste åra. Forsking, mellom anna av Bjørklund (2005), tyder på at kjensla av borgarplikt er i ferd med å bli mindre utbreidd i det norske samfunnet. Dette gjeld særleg blant dei unge.

Ein kan spørje om ikkje-vestlege som gruppe opplever valdeltaking og røystegiving som ei borgarplikt i like stor grad som etniske nordmenn og andre med bakgrunn frå vestlege velferdsstatar tufta på demokratiske styresett. Det kan tenkjast at opplevinga av borgarplikt fordrar ein grunnleggjande kjennskap til, og ikkje minst tillit til, valsystemet og demokratiske grunnverdiar. Det kan vere grunn til å tru at dette i mindre grad vil vere tilfellet for i alle fall nokre grupper av dei med ikkje-vestleg bakgrunn. Tomas Hammar støttar eit slikt syn og hevdar at ikkje-vestlege som gruppe er prega av mangel på gruppenormer for verdien av politisk deltaking. Dette kan henge saman med erfaringar frå politiske system som fungerer på andre måtar enn det politiske systemet i det nye landet.

Når vi ser på valåtferd, ser vi at statsborgarskap spelar ei rolle. Ved lokalvala har innvandrarakar med norsk statsborgarskap høgare deltaking enn dei utan. Dette mønsteret er ikkje uventa, ettersom statsborgarskap fordrar at ein har budd i Noreg ei viss tid. For å få norsk statsborgarskap må den enkelte oppfylle ei rekkje krav. Å bli norsk statsborgar krev altså ei medviten handling av den enkelte. Ifølgje Elkit, Møller, Svensson og Togeby (2005) er det også dei som meiner at det å få statsborgarskap i seg sjølv fører til betre integrasjon og dermed høgare valdeltaking. Denne teorien er grunnlaget for politikken i Sverige, der ein kan få statsborgarskap

etter fem års butid i landet. Gjennom å få svensk statsborgarskap skulle innvandrarakar og flyktningar få ein sterkare motivasjon til å leve opp til normene i det svenske samfunnet, inkludert forpliktinga til å røyste ved val (Elkit mfl. 2005).

Demokratisk deltaking er også eit tema som ofte blir teke opp i talane til nye norske statsborgarakar under statsborgarskapsseremoniane som fylkesmennene har ansvar for.

### **Mistillit til det politiske systemet**

Mistillit til det politiske systemet kan føre til lågare valdeltaking. Dahlstedt (2005) gjennomførte for eksempel ein studie av valdeltaking i ulike innvandrartette storbyområde i Sverige. Han spurde ei rekkje personar med etnisk minoritetsbakgrunn i mellom anna Rinkeby om kvifor dei ikkje røysta ved valet. Bak det som ved det første augekastet såg ut som uansvarleg og ureflektert politkarforakt, fann han ein skarp kritikk av den politiske situasjonen og vilkåra for politisk deltaking i Sverige.

Det som tilsynelatande kan fortone seg som politisk passivitet, kan med andre ord vere ein medviten strategi frå innvandrarakane si side ifølgje Dahlstedt. Mange av dei han snakka med, forklarte den manglande politiske deltakinga si med argument som at «ingenting skjer uansett». Dessutan nemnde fleire av informantane at partia var for like. Ideologisk utjamning kan dermed også vere ei viktig årsak til politisk misnøye og låg valdeltaking.

Årsakene til at denne mistilliten veks fram, meiner han er av ein samfunnsmessig heller enn individuell karakter. Dette synet deler også Bhavnani (1991), som meiner at låg grad av valdeltaking er eit svar på ein kraftig strukturelt underordna posisjon i samfunnet heller enn eit uttrykk for passivitet og apati. Begge meiner til dømes at det er ei klar kopling mellom det å kjenne seg diskriminert og å utvikle mistillit til det politiske systemet. I eit slikt perspektiv vil ein viktig del av forklaringa på låg valdeltaking vere at enkelte

grupper kjenner seg systematisk ekskluderte frå viktige samfunnsarenaer, noko som igjen vil resultere i manglande lojalitet overfor majoritetssamfunnet.

Dahlstedt (2005) hevdar dessutan at ikkje-deltaking ikkje i seg sjølv kan seiast å vere ein trussel for demokratiet. Problemet er, slik han ser det, snarare at dei rådande demokratiske prinsippa i samfunnet framleis ikkje garanterer alle innbyggjarar reelle moglegheiter til å påverke sine eigne levekår og samfunnsutviklinga i det store og heile.

I integrerings- og inkluderingspolitikken er det eit mål å oppnå tillit til institusjonane i samfunnet og tillit innbyggjarane imellom (Prop. 1 S (2010–2011)). Valordninga og det politiske systemet er sentrale institusjonar i samfunnet. Å ha eit fokus på korleis ein oppnår auka tillit til samfunnsinstitusjonar, vil truleg også ha positiv effekt på valdeltakinga.

### Sosial kapital og nettverk

Sosial kapital er eit sosiologisk omgrep som byggjer på ein idé om at sterke sosiale nettverk mellom borgarane – anten nettverka er forma gjennom formelle organisasjonar eller meir uformelle sosiale relasjonar – skaper tillit og samarbeid mellom borgarane og dermed auka samfunnsengasjement og auka evne til kollektiv handling.

Rogstad (2007) finn at etniske nordmenn jamt over har meir sosial kapital enn ikkje-vestlege innvandrarar målt i grad av politisk tillit, interesse for politikk og deltaking i ulike formelle og uformelle sosiale nettverk og organisasjonar.

Han finn vidare at grad av sosial kapital har stor innverknad på om ein deltek ved val eller ikkje. Til lågare sosial kapital, til mindre er sannsynet for både konvensjonell politisk deltaking, altså det å røyste ved val, og ukonvensjonell politisk deltaking, til dømes underskriftskampanjar, avisinnlegg og det å kontakte ein politiskar direkte. Han understrekar at også andre og meir etablerte individuelle faktorar har innverknad på den politiske



Stortingspresident Thorbjørn Jagland tek imot KIM, IMDi og representantar frå ungdomsorganisasjonar i juni 2009. Foto: Bjørn Rygh/IMDi.

deltakinga. Men dei ser ikkje ut til å forklare like mykje av forskjellane i aktivitetsnivå som forskjellar i sosial kapital.

Det er likevel viktig, ifølgje Rogstad, å ikkje trekkje for raske konklusjonar om samanhengen mellom sosial kapital og politisk deltaking. Per i dag har vi berre funn som viser ein samheng mellom låg grad av sosial kapital og låg grad av politisk deltaking. Vi veit ikkje sikkert at høg grad av sosial kapital også genererer høg politisk deltaking. Uansett er den overordna konklusjonen til Rogstad at nettverk er nøkkelen til etnisk mobilisering, og at det aller viktigaste er å delta i uformelle nettverk.

I valsamheng blir verdien av nettverk illustrert gjennom den utstrakte bruken av listeretting blant veljarar med innvandrarbakgrunn. Nokre av innvandrarmiljøa er prega av tette sosiale nettverk, og dette gjer det enkelt å formidle beskjedar og legg til rette for ei kollektiv røysting, f.eks. gjennom listeretting, i desse miljøa (Bergh, Bjørklund og Hellevik 2010).

*Use your vote!*



## Strukturelle forklaringar

### Valordninga

Forskning (f.eks. Hammar 1979, Togeby 1999 og Elklit mfl. 2005) viser at valordninga i eit land verkar inn på valdeltakinga. Dette kan til dømes handle om i kva grad veljarane kan påverke kandidatutveljinga, om det er mogleg for veljarane å kumulere/drive listeretting, og om lokalval og riksval blir haldne åtskilt eller samtidig.

Ein føresetnad for at sjølv valordninga skal verke positivt inn på deltakinga, er at veljarane har kunnskap om korleis dei kan påverke kandidatsamansetnaden. Om dei faktisk tek i bruk moglegheitene dei har for listeretting, ser ut til å henge saman med storleiken på innvandrarbefolkninga og den etniske samansetnaden lokalt. Listeretting har vore viktig for representasjonen av innvandrarakommunestyra, særleg i kommunar med mange innvandrarakommunestyra. I dei kommunane der ikkje-vestlege innvandrarakommunestyra blei overrepresenterte i kommunestyra etter valet i 2007, er det listeretting som er forklaringa på dette (Bjørklund 2010).

### Kven stiller til val, og kva handlar valkampen om?

Dette fører oss over til eit anna viktig spørsmål, nemleg kven som stiller til val, og om hovudtema i valkampen faktisk bidreg til å fengje og engasjere innvandrarakommunestyra.

Ifølgje Bjørklund og Kval (2001) vil for eksempel innvandring som valkamptema kunne skape blest om valet og ein meir polarisert debatt som vil kunne påverke engasjementet og partivalet til innvandrarakommunestyra. At partia set saker som innvandrarakommunestyra er opptekne av på partiprogrammet sitt, vil dessutan kunne gjere at fleire kjenner at dei blir tekne på alvor, og at interessene deira faktisk blir høyrde. På eit møte med politiske parti illustrerte ein representant frå innvandrarakommunestyra dette slik:

«Dere vil ha våre stemmer – men hvem av dere representerer *våre* stemmer»? (KIM-representant på møte med politiske parti, mai 2010)

Eit anna viktig aspekt som vil kunne spele inn på valdeltakinga, er at denne veljarmassen har kjennskap til kva som står i partiprogramma til dei ulike partia, at dei har ei viss interesse for politikk, og at dei kjenner til kva kandidatar som stiller til val for dei ulike partia. Dersom det er kandidatar med innvandrarbakgrunn, kan det bidra til å sikre legitimitet og dermed styrkje sannsynet for auka valdeltaking i innvandrarbefolkninga. Å ha nokon å identifisere seg med på val-listene vil kunne vere viktig for å sjå hensikta ved å røyste, uansett personlege kjenneteikn. Samtidig veit vi at innvandrarbefolkninga er ei samansett gruppe, og vi kan ikkje ta for gitt at ein person med innvandrarbakgrunn på ei partiliste vil ha den same mobiliserande effekten på alle.

### Trekk ved kommunen

Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er kva som gjer at folk opplever val som viktig for seg sjølv og for det som skjer i kommunen. Som vi har vore inne på tidlegare, er det avgjerande at folk opplever at dei faktisk kan påverke politikken ved å røyste ved kommuneval. Ein slik påverknad er berre mogleg dersom det politiske lokalnivået har ei reell styring over saksområda som er viktige for folk i kvardagen. Trekk ved kommunane kan dermed verke inn på valdeltakinga.

Hansen, Opheim Ellis og Fimreite (2002) fokuserer også på trekk ved kommunane som viktig for valdeltakinga. Dei har funne at låge dekningsgradar for den kommunale tenesteytinga fører til ei generell misnøye i befolkninga og til meir politisk engasjement og høgare valdeltaking. Låg valdeltaking vil i eit slikt perspektiv ikkje nødvendigvis vere eit uttrykk for misnøye og avmakt. Det kan vel så gjerne vere eit uttrykk for trivsel. Det er likevel liten grunn til å tru at velnøye er ei viktig årsak til den låge valdeltakinga i minoritetsbefolkninga. Forskning har fleire gonger dokumentert at etniske minoritetar statistisk kjem dårleg ut på arbeidsmarknaden, på bustadmarknaden og i levekårstatistikken (Rogstad, 2007).



## Samansetnaden i valkrinsen

Bjørklund og Bergh (2005) presenterer det dei omtalar som Tingstens lov om sosial gravitasjon. Ifølgje denne teorien vil valdeltakinga ha samanheng med graden av sosial homogenitet i valkrinsen, altså at dei personane som bur der, har ein del eigenskapar til felles.

Valdeltakinga vil ifølgje desse forskarane vere høgast i krinsar med ei dominerande sosial klasse. Ser vi på valdeltakinga i dei ulike bydelane i Oslo, stemmer dette ganske godt. Deltakinga er høgast i bydelane i Oslo vest; Ullern, Nordre Aker og Vestre Aker, og i bydelane Nordstrand og Østensjø. Dette er typiske bydelar med ein høg del etnisk norske menneske med høg inntekt og god levestandard i forhold til dei andre bydelane i Oslo.

Innvandrarbefolkninga bur i stor grad i dei største byane og i kommunar rundt Oslo. I desse kommunane er dei også godt representerte i kommunestyra. Tal frå SSB viser at kommunar med mange ikkje-vestlege innvandrarakter er dei kommunane der desse innvandrargruppene er best representerte i kommunestyra (Aalandslid 2008).

## Strukturell diskriminering

Det går føre seg ein konstant kamp om dagsorden på den politiske arena. Alle innbyggjarane i eit land ser likevel ikkje ut til å ha dei same føresetnadane for å gjere seg gjeldande i det demokratiske systemet, få gehør for synspunkta sine og få interessene sine representerte i organ der avgjersler blir fatta.

Synlege og usynlege barrierar kan bidra til å gjere det vanskeleg å ta plass i den norske offentlegheita på like vilkår, særleg for personar med innvandrarbakgrunn. Dette kan ifølgje Lister (1990) for eksempel henge saman med ein systematisk dårlegare tilgang på gode som arbeid, utdanning og inntekt.

Johansson (2005) spør seg om det kan vere slik at majoriteten gjer noko spesielt for å halde på maktovertaket og ekskludere

innvandrarbefolkninga frå å delta aktivt i den lokale kommunepolitikken. Kan det for eksempel handle om korleis dei etnisk norske opptre, kva ord og termar dei nyttar, korleis valsystemet er organisert, og korleis etniske nordmenn føretrekkjer å rekruttere andre etniske nordmenn i viktige roller?

Dahlstedt og Hertzberg (2005) hevdar at den låge politiske deltakinga blant innvandrarane i stor grad heng saman med ei strukturell form for diskriminering. Dette omgrepet hevdar dei gir ei meir samansett forståing av diskriminering, og viser systematikken i den negative særbehandlinga som personar i kategorien «innvandrarakter» veldig ofte får i samfunnet. Ifølgje denne tankegangen kan dermed strukturelle ordningar ha diskriminerande konsekvensar som igjen påverkar måtane individa handlar på.

Dette fenomenet finn vi også i Sverige, noko Johansson (2005) meiner kan vere problematisk av fleire årsaker. For det første meiner han det bidreg til at det blir skapt ein tradisjon for korleis politikken og dei arenaene der avgjersler blir tekne, skal sjå ut og fungere. Dette kan igjen skape eit inntrykk for utanforståande, for eksempel innvandrarakter, av at det er vanskeleg å kome utanfrå og inn. Eit anna problem er at dei som er overrepresenterte, også blir dei som får definisjonsmakt og moglegheit til å setje den politiske dagsorden. Overrepresentasjon av ei sosial gruppe vil med andre ord, ifølgje Johansson, skape ein fordel som gir seg uttrykk i framveksten av barrierar overfor innvandrarbefolkninga og ein reproduksjon av den sosiale ulikskapen.

Funna til Rogstad (2007) indikerer på den andre side at det å oppleve at ein blir diskriminert, aukar disponeringa til å delta i val. Han meiner at opplevinga av å bli diskriminert aukar motivasjonen for politisk mobilisering for å endre situasjonen. Samtidig opnar han for at årsakssamanhengen kan gå motsatt veg; kanskje er det slik at personar som er svært politisk aktive, lettare tolkar handlingar som diskriminerande?

## 6 Tiltak for å auke valdeltakinga i befolkninga

**«Det er ein grunnleggjande demokratisk rett å kunne røysta ved val. Alle personar med røysterett skal derfor ha den same moglegheita til å gjera dette» (St. meld. nr. 33 (2007–2008):47).**

Ansvar for å gjennomføre og administrere vala i Noreg ligg hos Kommunal- og regionaldepartementet (KRD). I dette ligg mellom anna informasjons- og rettleingsarbeid knytt til avvikling av val. IMDi (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet) arbeider med valmobiliserande tiltak retta mot veljarar med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn med eit særskilt fokus på dei som har låg deltaking.

I dette kapitlet ser vi nærare på tiltak som er sette i verk for å auke valdeltakinga blant befolkninga generelt. Tiltaka til IMDi, som er retta spesifikt mot innvandrarbefolkninga, blir drøfta nærare i neste kapittel.

Årsakene til at etniske nordmenn og innvandrarakar og norskfødde med innvandrarforeldre deltek i val i ulik grad, er, som vi har sett, komplekse og samansette. Då det både er individbaserte og kontekstuelle faktorar som påverkar valdeltakinga, kan vi ikkje snakke om éin enkeltstående faktor som kan forklare denne skilnaden. Det er heller ikkje gitt kva som vil vere dei mest føremålstenlege tiltaka for å mobilisere til auka valdeltaking. Kunnskap om kva som påverkar valdeltakinga, er likevel eit viktig utgangspunkt for å kunne setje i verk treffande tiltak overfor bestemte målgrupper.

Når vi veit at individuelle kjenneteikn spelar inn, gir det oss ein peikepinn på kva grupper i befolkninga vi bør setje i verk tiltak overfor for å få fleire til å finne vegen til valurnene. Konkret kva slags utforming eventuelle tiltak skal ha, er eit vanskelegare spørsmål. Nokre av årsakene vi har peika på, spesielt dei strukturelle årsakene, er dessutan vanskelege – eller kanskje umoglege – å gjere noko

med gjennom avgrensa valmobiliserande tiltak. Det er til dømes ikkje ei enkel oppgåve å hindre at strukturell diskriminering i samfunnet skjer. Samansetnaden i valkrinsen er heller ikkje enkel å endre eller påverke i ei hand vending. Segregering blir dessutan trekt fram som eit negativt og lite integrerande fenomen i den offentlege debatten. I val-samanheng ser det likevel ut som om store homogene grupper i valkrinsen verkar kollektivt mobiliserande. I kva grad ein kommune har god eller dårleg dekningsgrad på kommunale tenester, eller i kva grad kommunepolitikarane opplever å ha politisk sjølvråderett, er også eit område som ligg langt utanfor det som valmobiliserande tiltak kan gjere noko med.

Det er derimot potensielt sett mogleg å påverke samansetnaden av dei kandidatane som stiller til val i ein kommune. Ein kan til dømes oppmode partia om å rekruttere og nominere fleire kandidatar med innvandrarbakgrunn. Utforminga av sjølve valordninga er endra og justert fleire gongar med sikte på å stimulere til auka valdeltaking.

Moglegheita til å førehandsrøyste er ei viktig ordning som sikrar at dei som ikkje har høve til å møte opp på valdagen, likevel kan røyste. Førehandsrøystinga startar i august og blir avslutta siste fredagen før valdagen. Ifølgje vallova skal førehandsrøysting skje på eigna stader. Det skal skje minimum éin dag på alle helse- og sosialinstitusjonar og elles der valstyret har bestemt at det kan bli teke imot førehandsrøyster. I 2009 blei det i tillegg gitt høve til tidlegrøysting frå 1. juli. Dette er ei ordning for dei som ikkje har høve til å røyste i den ordinære førehandsrøystingsperioden. Det kan til dømes vere personar som arbeider utanriks eller offshore, personar som har planlagde sjukehusopphald framføre seg, eller personar som skal ut på lengre reiser. Det er viktig at informasjonen om moglegheitene for førehandsrøysting og tidlegrøysting også når

innvandrarbefolkninga i god tid før valavviklinga.

For å auke engasjementet for lokalpolitikken og dermed auke valdeltakinga har norske styresmakter dei siste åra sett i verk ulike tiltak.

For Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har det mellom anna vore høgt prioritert å nå ut med informasjon om val og gjennomføring av val til dei røysteføre med innvandrarakgrunn. I samband med valet i 2007 delte KRD ut midlar til organisasjonar og andre aktørar for å auke valdeltakinga og kunnskapen om valet. Også ved stortingsvala i 2005 og 2009 blei det delt ut midlar til organisasjonar og andre aktørar som ønskte å auke kunnskapen om valet og valdeltakinga. Prioriterte grupper for tilskotsordninga i 2009 var ungdom, innvandrarakgrunn og veljarar med særleg behov for tilrettelagd informasjon.<sup>14</sup>

Vi vil her gi ein kort presentasjon av nokre av tiltaka som styresmakterne har sett i verk, og drøfte kva effekt dei har hatt/kan ha på valdeltakinga generelt og for innvandrarbefolkninga si deltaking spesielt.

### **Tiltak i regi av styresmakterne** **Ny valordning ved lokalvalet i 2003**

I 2002 vedtok Stortinget ei ny vallov som innebar visse endringar i prosedyrane for personval. Dette var ei reform som skulle auke veljarmedverknaden i avgjerdsprosessar (Hellevik og Bergh 2005). Endringane, i grove trekk, er:

- Det blei mogleg å gi personstemmer også ved fylkestingsval.
- Partia fekk avgrensa høve til å sikre bestemte kandidatar plass i kommunestyret.<sup>15</sup>

<sup>14</sup> Henta frå «Rapport fra tilskudsordningen. Stortings- og sametingsvalget 2009. Kommunal- og regionaldepartementet».

<sup>15</sup> Det er framleis mogleg for partia å prioritere kandidatar på lista. Desse blir førte opp øvst med utheva skrift. Men det er ei øvre grense for kor mange kandidatar dei kan prioritere.

- Moglegheita til å stryke kandidatar frå listene blei fjerna.

Resultata av desse endringane er auka veljarpåverknad ved at det no skal mindre til for å påverke kven av kandidatane som får dei mandata ei liste oppnår. I tråd med den nye ordninga kan veljarane gi personstemmer til så mange kandidatar dei måtte ønskje på ei liste. Dei mandata ei liste oppnår, blir tildelte dei kandidatane som har fått flest personstemmer, såframt desse tilsvarar minst åtte prosent av stemmetalet til lista (Hellevik og Bergh 2005).

Endringane i vallova kan ha slått positivt ut for innvandrarakgrunn. Fleire innvandrarakgrunn tidlegare vore utsette for stryking. Samtidig veit vi at mange innvandrarakgrunn gir tilleggsstemmer gjennom listeretting. Endringane i vallova kan difor totalt sett vere ein fordel for innvandrarakgrunnkandidatar (Bergh, Bjørklund, Hellevik 2010).

### **E-val 2011-prosjektet**

Ved kommune- og fylkestingsvalet i 2011 vil det bli gjennomført eit forsøk med elektronisk røystegiving via Internett. Ti kommunar skal delta i prosjektet. Bakgrunnen for å setje i verk forsøket er mellom anna eit ønske om å gi fleire veljarar betre tilgang til å røyste. Sjølv om dagens ordning med oppmøte i vallokalet ved røystegiving er lagt så godt til rette som mogleg, kan det for enkelte grupper vere praktiske hindringar som likevel gjer det vanskeleg å få bruke røysteretten. Funksjonshemma blir nemnde som ei gruppe som vil få betre moglegheit til å røyste gjennom elektronisk røystegiving via Internett.<sup>16</sup>

<sup>16</sup> Parallelt med E-val-forsøket blir det også testa ut eit nytt sentralt valadministrativt datasystem til bruk i kommunane. Systemet skal bidra til å effektivisere valarbeidet i kommunane og gi betre informasjon til veljarane (kjelde: [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)).



## VALG

Use your vote!

Ane jienat!

Nuhth dov tjaatsestassem!

Geavat jienastagat!

Воспользуйтесь своим правом голоса!

Użyj swego głosu!

Isticmaal codkaaga!

Hãy sử dụng phiếu bầu của quý vị!

Oyunuzu kullanın!

Iskoristite svoj glas!

اینجا ووټ استعمال کریں!

مارس حقك في التصويت!

خود استخدا كنيد!

[www.valg.no](http://www.valg.no)  
[www.imdi.no/valg](http://www.imdi.no/valg)



Integrerings- og mangfoldsdirektoratet



## Bruk stemmeretten din!

Vær med og bestem hvem som skal representere deg på Stortinget de neste fire årene.

Alle norske statsborgere som har fylt 18 år i løpet av 2009, har stemmerett ved stortingsvalget 14. september. Du kan forhåndsstemme i Norge fram til og med 11. september. Husk legitimasjon når du stemmer!

Elektronisk røysting skal vere eit supplement til røystegiving i vallokalet, det vil seie at alle som er med i forsøket, også har høve til å møte opp i vallokalet og røyste med vanleg røystesetel.<sup>17</sup>

Ved lokalvalet i 2003 blei det for første gong sett i verk eit forsøk med elektronisk røystegiving i utvalde forsøkskommunar. Det var vel å merke ikkje mogleg å nytte Internett som stemmekanal. Det blei sett inn såkalla valgomatar i vallokala, og veljarane fekk høve til å røyste ved å bruke peikeskjerm (Karlsen, Aardal og Christensen 2005). Det viste seg at det var dei yngste som i størst grad nytta seg av denne moglegheita. Elektronisk røysting kan dermed ha hatt ein mobiliserande effekt på dei yngste gruppene.

Når vi drøftar elektronisk røystegiving, kan det vere nyttig å sjå nærare på kva vi veit om den digitale kompetansen til innvandrarbefolkninga, då denne vil vere ein føresetnad for å røyste elektronisk ved val. Vox har gjen-

nomført ein analyse av den digitale kompetansen til dei fem største innvandrargruppene i Noreg.<sup>18</sup> Innvandrara frå Polen, Pakistan, Irak, Somalia og Vietnam har svart på spørsmål om bruk av og tilgang til digitale verktøy. I undersøkinga kjem det fram at desse innvandrargruppene meistrar dagens teknologi i mindre grad enn befolkninga elles. Generelt viser undersøkinga at låg digital kompetanse heng saman med høg alder, låg utdanning og det å stå utanfor arbeidslivet (Guthu og Holm 2010).

Spørsmålet blir om vi ut frå denne kunnskapen kan seie om E-val 2011-prosjektet vil føre til auka valdeltaking blant innvandrarbefolkninga. Det er vanskeleg å seie på førehand kva utslag dette vil gi seg, men med bakgrunn i undersøkinga til Vox er det nærliggjande å tenkje at elektronisk røystegiving over Internett ikkje vil gi seg store utslag i valdeltakinga blant innvandrarbefolkninga. Prosjektet vil kanskje heller påverke valdeltakinga i andre segment av befolkninga.

<sup>17</sup> Kjelde: [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no).

<sup>18</sup> Innvandrara frå Sverige er ikkje tekne med.

Samtidig er det to forhold vi skal vere merksame på når vi drøftar E-val-prosjektet. For det første viser analysen til Vox også at innvandrarar er gode på teknologi som hjelper dei med å halde kontakten med heimlandet, det vil seie Internett, e-post, SMS/MMS og Skype eller IP-telefoni. Ifølgje Guthu og Holm (2010) heng dette saman med den opplevde nytteverdien denne typen teknologi gir. Når noko blir opplevd som nyttig, kan altså bruken av det auke. For det andre veit vi at dei unge er dei som i minst grad røystar ved val og deltek i partiaktivitetar. Samstundes er det nettopp dei som i størst grad nyttar seg av Internett. Det kan difor tenkjast at moglegheita til å røyste via Internett kan påverke valdeltakinga i denne gruppa i positiv retning.

#### **Forsøk med røysterett for 16-åringar ved kommunestyrevalet i 2011**

Ved kommunestyrevalet i 2011 skal det gjennomførast eit forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret. Bakgrunnen for forsøket er eit ønske om å styrke den politiske deltakinga og engasjementet blant ungdom. Den viktigaste grunnen til at dette tiltaket blir sett i verk, er at det kan vere eit tiltak for å få fleire unge inn i rolla som aktive innbyggjarar i lokalsamfunnet. Tjue kommunar skal delta i forsøket. Om dette tiltaket får fleire ungdomar med innvandrarakgrunn til å gå til valurnene, gjenstår å sjå.

#### **Direkteval av ordførar**

Ved lokalvala i 1999, 2003 og 2007 blei det gjennomført forsøk med direkteval av ordførar i utvalde kommunar. Femti kommunar er med i forsøket for valperioden 2007–2011. Målsetjinga med forsøket er mellom anna å skape større interesse for kommunevalet og dermed oppnå høgare valdeltaking.

Ei spørjeundersøking viser at fire av ti veljarar meiner at dei har fått større interesse for kommuneval og lokalpolitikk som følgje av forsøket. Forsøket har likevel ikkje ført til auka valdeltaking. Innføring av personval har faktisk ført til lågare valdeltaking. Ei årsak til dette kan, ifølgje Buck, Larsen, Willumsen og Lanes (2005), vere at auka bruk av personval krev at veljarane har tilstrekkeleg informasjon om dei ulike kandidatane og kva dei står for politisk.

Det er grunn til å tru at mange veljarar med innvandrarakgrunn, især dei med avgrensa butid, vil mangle denne forma for personkunnskap. Det er dermed liten grunn til å tru at dette tiltaket vil ha mobiliserande effekt for innvandrarakbefolkninga. I stortingsmeldinga *Eit sterkt lokaldemokrati* kjem det fram at det blir gjort framlegg om å avslutte forsøket med direkteval av ordførar (St.meld. nr. 33 (2007–2008)).

! از حق خود برای رای دادن استفاده کنید

**Isticmaal codkaaga!**

## 7 Korleis mobilisere innvandrarbefolkninga til å røyste?

**Årsakene til at etniske minoritetar ikkje brukar røysteretten, er like samansette som gruppa sjølv. Difor går IMDi inn for målretta tiltak mot avgrensa grupper med særleg låg valdeltaking.**

### Generelt om mobiliseringsarbeid

Om den enkelte ønskjer å bruke retten til å røyste, vil henge saman med i kva grad den enkelte er motivert til, og ser verdien av, å delta ved val. Motivasjon kan kome både frå avgrensa individbaserte interesser og frå ei meir kollektiv samfunnsorientering (Pettersen og Rose 2009).

Det er viktig å hugse at innvandrarbefolkninga er ei svært samansett gruppe. Kva type informasjon som kan ha mobiliserande effekt overfor dei ulike gruppene, og kva som påverkar motivasjonen deira til å røyste, vil difor kunne variere.

Somme vil truleg ha eit større behov for, og betre utbytte av, konkret og grunnleggjande informasjon om det demokratiske valsyste- met og framgangsmåtar for val. Andre grupper kjenner godt til det demokratiske valet som fenomen, men har kanskje flykta frå krig eller diktatur av politiske årsaker. For desse kan årsakene til ikkje å røyste kanskje handle om eit ønske om å få leve livet sitt i ro og fred, heller enn mangel på kunnskap og politisk apati. Den politiske interessa deira rettar seg kanskje meir mot dei politiske forholda i landet dei har flykta frå. Denne gruppa treng kanskje først og fremst å bli motivert til å sjå kvifor det er viktig å delta ved val også her i Noreg.

Det store mangfaldet i innvandrarbefolkninga gjer at det mest truleg vil vere lite føremåls- tenleg å setje i verk tiltak retta mot desse som éi gruppe. Ein måte å jobbe på kan difor vere å rette tiltaka inn mot spesifikke grupper som vi veit har spesielt låg valdeltaking.

At innvandrarar utgjer ein stadig større del av dei røysteføre, har også dei politiske partia blitt meir merksame på. Til dømes har dei fleste politiske partia no sett internettsidene sine om til ei rekkje språk. At dei politiske partia kan spele ei viktig rolle for å auke valdeltakinga, er det ingen tvil om. Forsking har mellom anna vist at det er dei politiske partia som sit med nøkkelen til å auke kvinnerepresentasjonen i lokalpolitikken (Flo og Aars 2010). Flo og Aars (2010) seier dette om kva rolle partia speler:

«Dei politiske partia sit like fullt med dei viktigaste *verkemidla* for å påverke personsamsetnaden i lokalpolitikken. Dei sit dermed òg med eit heilt spesielt *ansvar* for å sikre at lokalpolitikarane – og ikkje minst, den lokalpolitiske leiarskapen – speglar mangfaldet i folket» (Flo og Aars 2010:14).

### Mobiliseringstiltak i regi av IMDi

Det er eit mål for styresmaktene at valopp- slutninga for personar med innvandrarbakgrunn er like høg som valopp- slutninga samla. IMDi skal bidra til dette også ved komande val. IMDi har innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre som har låg eller fallande valdeltaking (unge under 30 år og personar med utvalde landbakgrunnar) som primær- målgruppe. Som sekundær målgruppe har IMDi innvandrarar og norskfødde med innvan- drarforeldre i utvalde områder/bydelar/ kommunar med mange etniske minoritetar.<sup>19</sup>

IMDi samarbeider med Kommunal- og regionaldepartementet (KRD), Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og styresmak- tene (KIM), frivillige organisasjonar og politiske parti om tiltak som kan mobilisere til auka valdeltaking for personar med innvan- drarbakgrunn. IMDi bidreg mellom anna med å tilpasse informasjons- og rettleiingstiltak frå KRD til innvandrarar og med å styrkje frivil-

<sup>19</sup> Henta frå «Strategi for IMDi's arbeid med valg for perioden 2011–2013».



lige organisasjonar sin kunnskap om og innsats for auka valdeltaking. IMDi formidlar også kunnskap til dei politiske partia om kva som kan påverke valdeltakinga i ulike innvandrargrupper, og nyttar ulike media som informasjonskanal i valarbeidet.

### «For å oppnå auka valdeltaking må ein jobbe på fleire frontar parallelt.»

#### Mobiliseringsarbeidet til IMDi fram mot lokalvalet i 2007

I forkant av lokalvalet i 2007 sette IMDi i verk ulike informasjonstiltak og gjennomførte ein pilot med valmotivatorar i seks store kommunar. Målet med pilotprosjektet var å få opp interessa for og kunnskapen om val og politikk hos bestemte minoritetsgrupper. Prosjektet tok i bruk lokale valmotivatorar som blei rekrutterte av IMDi, og desse arbeidde lokalt med å mobilisere personar i landgruppa si. Erfaringane frå prosjektet stadfesta at intern mobilisering og informasjon via nettverk er ein viktig nøkkel til engasjement.

IMDi har avslutta valmotivatorprosjektet. Konseptet inneberer ein direkte kontakt med potensielle veljarar. Politiske parti og frivillige organisasjonar er nærare veljarane enn eit direktorat kan vere. Såleis kan tiltaket passe betre for denne typen aktørar enn for eit direktorat.

I tillegg til valmotivatorprosjektet arbeidde IMDi med informasjonsformidling om valet til kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn. Desse blei oppmoda om å setje i verk valmobiliserande tiltak gjennom undervisningsinstitusjonar, bibliotek, politiske parti og så vidare. IMDi oppretta også ei eiga nettside med informasjon om valet.

#### Mobiliseringsarbeidet til IMDi fram mot stortingsvalet i 2009

I forkant av stortingsvalet i 2009 var informasjonsformidling og valmobilisering i samarbeid med organisasjonar, politiske parti og offentlege instansar IMDi sin strategi. Det blei

oppretta ei eiga valnettside der det blei lagt ut statistikk og anna relevant stoff. IMDi hadde to primærmålgrupper i dette arbeidet: personar med innvandrarakgrunn med låg eller fallande valdeltaking og førstegongsveljarar (nye veljarar og 18- og 19-åringar med innvandrarakgrunn). Sekundærmålgruppa var personar med røysterett som har innvandrarakgrunn. Hovudaktivitetane kan summerast opp slik:

- **Samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet (KRD).** IMDi og KRD samarbeidde om utforminga av husstands-brosjyren og om å få han omsett til åtte språk<sup>20</sup>. IMDi bidrog med supplerande distribusjon av brosjyren og generell formidling av informasjon om dei ulike tiltaka til KRD (mellom anna nettstaden [www.valg.no](http://www.valg.no) og kampanjen «Stemmingsrapport»). IMDi og KRD samarbeidde også om overføring av talen til andre språk i ein informasjonsfilm retta mot ungdom og førstegongsveljarar.
- **Samarbeid med Kontaktutvalet mellom innvandrarbefolkninga og styremaktene (KIM).** IMDi og KIM arrangerte møte med dei politiske partia sentralt og med ungdomspartia. Brosjyren «16 tips» til mobiliseringstiltak blei oppdatert og distribuert til innvandrarorganisasjonar og andre organisasjonar. IMDi og KIM samarbeidde også om ulike arrangement, foredrag og standar i mange delar av landet.
- **Samarbeid med innvandrarorganisasjonar og andre organisasjonar.** IMDi bidrog med tilrettelegging av ulike typar arrangement. IMDi fekk mellom anna innpass med valinformasjon hos trussamfunn, til dømes Muslim Society i Trondheim. Det blei også etablert ein valbuss som reiste rundt i bydelane i Oslo med informasjon. Av aktivitetar som var spesielt retta mot ungdom, kan «valg-rap» nemnast. Her blei ungdom, via nettmobilisering, invitert til å vere med i konkurranse

<sup>20</sup> Brosjyren blei omsett til engelsk, tyrkisk, persisk, serbisk-bosnisk-kroatisk, vietnamesisk, urdu, arabisk og somalisk. I tillegg blei det laga nettversjonar av brosjyren på polsk og russisk.



MiniTinget er eit rollespel for elevar ved vidaregåande skular som vitjar Stortinget. Sjå [www.tinget.no](http://www.tinget.no). Foto: Bjørn Rygh/IMDi.

om å lage rap med val som tema.

- **Samarbeid med politiske parti.** I tillegg til samarbeidet med KIM om møte med dei politiske partia bidrog IMDi, etter førespurnad, med informasjon til fylkespartia og foredrag på møte med ulike politiske parti.

IMDi og KIM oppmoda også organisasjonar som rekrutterer innvandrardom og utvalde skular til å besøke Stortinget og gjere seg kjent med det interaktive opplæringsstilbødet som Stortinget har.

I tillegg til dette, tok IMDi initiativ til utsending av brev til nye statsborgarar, det vil seie nesten 30 000 personar. Brevet, som var signert av stortingspresidenten, oppmoda dei nye statsborgarane om å nytte seg av retten til å røyste ved stortingsvalet. I tillegg blei det gjennomført ei rekkje annonseringar som oppmoda folk om å røyste, mellom anna i ulike media og på T-baner.

### **Mobiliseringsarbeid mellom valåra**

IMDi arbeider med valmobilisering på det jamne, også utanom valåra. Eit viktig initiativ i arbeidet til IMDi i 2010 har mellom anna vore å samarbeide med KIM om å arrangere møte med dei politiske partia på fylkesnivå i tilknytning til partia sine nominasjonsprosessar. Valdeltaking blant personar med innvandrarakgrunn har blitt diskutert på desse

møta. Føremålet med møta har vore å diskutere kva dei politiske partia og IMDi kan gjere saman for å bidra til å auke valdeltakinga og mobilisere til inkludering og deltaking.

### **Kva gjer nabolanda våre?**

Som nemnt i innleiinga er låg valdeltaking eit aktuelt tema også i Sverige og Danmark. Ei samanlikning mellom kommunevala i Noreg i 2003 og i Danmark i 2001 viser likevel at valdeltakinga blant innvandrarakgrunn i Danmark er vesentleg høgare enn for innvandrarakgrunn i Noreg. Valdeltakinga generelt er òg høgare i Danmark enn i Noreg, men også når det blir målt etter differanse mellom personar med innvandrarakgrunn og dei utan, deltek innvandrarakgrunn i Danmark i større grad ved val enn innvandrarakgrunn i Noreg gjer (Henriksen 2010).<sup>21</sup>

Elkit mfl. (2005) spør kvifor dei etniske minoritetane i Danmark røystar ved val i langt større grad enn i andre land. Ei viktig forklaring som forskarane trekkjer fram, er den kollektive mobiliseringa blant etniske minoritetar ved danske kommunalval. Den danske valordninga ved kommunalval gir den enkelte veljaren relativt stor innverknad på konkrete val av personar til kommunestyra gjennom moglegheita for personleg røystegiving. Forfattarane peikar likevel på at den enkelte veljaren sjeldan vil ha overblikk over moglegheitene som ligg i vallova. Difor er det nødvendig med politiske leiarar som formidlar dette og mobiliserer veljarar til å delta:

**Oy hakkini kullan!**

<sup>21</sup> Internasjonale samanlikningar av valdeltaking er vanskelege ettersom det ved alle val vil vere spesielle forhold som påverkar valdeltakinga. Dei nasjonale kontekstane er viktige for valdeltakinga, og samanlikningar som ikkje tek høgd for desse, er lite fruktbare. I Skandinavia er det rimeleg gode høve for samanlikning på grunn av gode registerdata og relativ lik bruk av omgrep. I Danmark og Sverige går nasjonale og lokale val føre seg på same tidspunkt, noko som kan påverke valdeltakinga. Dette kan vere med på å svekkje samanlikninga av valdeltakinga i desse landa med deltakinga i Noreg (Henriksen 2010).

**Figur 6 Mobiliseringsarbeid for auka valdeltaking i Danmark**

**Døme på nokre av mobiliseringstiltaka i Danmark**

- Integrationsministeriet og Undervisningsministeriet samarbeider om å styrkje demokrati- og medborgarskapsundervisninga i skulane.
- Integrationsministeriet har i samarbeid med Dansk Ungdoms Fællesråd etablert Ny-Dansk Ungdomsråd. Rådet jobbar målretta overfor unge som kjenner seg utanfor det demokratiske fellesskapet, og engasjerer dei i demokratiske prosessar på ulike nivå.
- Skular, klubbar og foreiningar får tilbod om å få besøk av rollemodellar som har dialog med unge «nydanskar» om demokratisk deltaking.
- Styresmaktene tilbyr kurs i danske samfunnsforhold, dansk kultur og historie, slik at nye borgarar får kjennskap til det samfunnet dei bur i. Dette skal gi eit grunnlag for deltaking.
- Integrasjonsministeren møter jamleg Rådet for Etniske Minoriteter, som mellom anna jobbar for at alle borgarar skal delta aktivt i demokratiet i Danmark. I 2009 gav rådet ut heftet «Det er dit valg» som orienterer om val og demokrati på åtte språk.

Kjelde: Integrationsministeriet, Danmark.

**Figur 7 Mobiliseringsarbeid for auka valdeltaking i Sverige.**

**Døme på nokre av mobiliseringstiltaka i Sverige**

- Valmyndighetene produserer informasjonsmateriell i form av brosjyrar og informasjonsfilmar på over tretti språk.
- Dei politiske partia får pengar frå myndighetene for å drive med informasjonsarbeid. Mange av partia brukar pengane mellom anna til å setje om informasjonsmateriell til andre språk og til å gjennomføre kampanjar i område med mange innvandrarak.
- Før valet i 2006 blei ein film om røysteprosessen sett om til fleire språk. I tillegg blei det produsert ein film som opplyser om kven som kan røyste, og korleis det går føre seg å røyste ved val. Filmen blei vist på fleire kanalar (på såkalla öppna kanalar).
- Ein av forstadskommunane ved Stockholm har gjennomført eit forsøk med mobile valstasjonar, der ein minibuss køyrde rundt til kjøpesenter, vidaregåande skular og liknande, slik at folk kunne røyste der dei var.

Kjelder: Valmyndigheten ([www.val.se](http://www.val.se)) og Integrations- och jämställdhetsdepartementet.

«Det er derfor, vi finder, at valgdeltagelsen varierer ganske meget mellem forskellige etniske grupper, og at valgdeltagelsen for den samme etniske gruppe kan variere stærkt fra kommune til kommune. De institutionelle rammer i form av den danske kommunale valglov indeholder således stærke incitamenter ikke så meget for den enkelte vælger til at stemme, men for politiske entreprenører til at mobilisere særlige grupper af vælgere « (Elkit mfl. 2005:227).

Den kollektive mobiliseringa har betre vilkår i Danmark enn i dei fleste andre land, mellom anna gjennom reglar for personleg røystegiving både ved folketingsval og kommunalval. For konkrete mobiliseringstiltak i regi av danske styresmakter, sjå figur 6.

Også i Sverige er valdeltakinga blant innvandrarak lågare enn for befolkninga sett under eitt. Utanlandske statsborgarar fekk rett til å røyste ved svenske kommuneval i 1976, og valdeltakinga blant denne gruppa har vore jamt fallande sidan den gongen. Ved valet i 2006 var det 37 prosent av denne gruppa som røysta. Sjølv om dette er lågt, var valet i 2006 det første valet der valdeltakinga blant utanlandske medborgarar hadde auka frå det førre valet (Statistika centralbyrå 2007).

Svenske styresmakter legg særleg vekt på ungdom og innvandrarak i informasjonsarbeidet om avvikling av val. Begge desse veljargruppene har lågare valdeltaking enn gjennomsnittet av befolkninga. Figur 7 viser nokre døme på tiltak svenske styresmakter har sett i verk.

**Iskoristi svoje glasačko pravo!**

## 8 Avslutning

### **Høg valdeltaking blant alle delar av befolkninga er med på å gjere demokratiet meir velfungerande.**

Rapporten har vist at valdeltakinga blant veljarar med innvandrarakgrunn ligg på eit nivå godt under befolkninga sett under eitt. Det er likevel stor variasjon i valdeltakinga mellom dei ulike innvandrargrubbene. Til dømes har innvandrarak frå Balkan utmerkt seg ved i liten grad å røyste ved val, medan innvandrarak frå India og Thailand har utmerkt seg med høg valdeltaking over tid.

Som vi har sett, kan det vere mange årsaker til innvandrarakane si valåtferd. I kva grad den enkelte nyttar røysteretten sin, kan henge saman med både individuelle årsaker og meir strukturelle og samfunnsmessige årsaker. Døme på individuelle årsaker kan vere alder og butid. Vi har sett at valdeltakinga aukar med alder og butid, men også for dei med lengst butid eller høgast alder er deltakinga på eit nivå som ligg under det for resten av befolkninga. Dei strukturelle årsakene peikar meir på trekk ved samfunnet, som måten både samfunnet og det politiske systemet er organisert på. Eit demokrati må til dømes gi innbyggjarane eit reelt høve til innverknad. Har vi ei valordning som sikrar dette? Trekk ved valordninga, trekk ved valkrinsane, strukturell diskriminering og kva tilgang veljarane har til kunnskap om valavvikling, kan vere døme på strukturelle forklaringsfaktorar.

Å forklare valdeltakinga blant innvandrarak er ikkje noko enkel sak. Den beste oppsummeringa av dette er som Christensen og Midtbø (2001) har påpeika, nemleg at det ikkje finst éin enkelt faktor som kan forklare *mykje* av deltakinga, men heller mange faktorar som kan forklare *litt*. Ofte vil det altså vere snakk om at fleire forklaringsfaktorar verkar parallelt.

Sjølv om personar med innvandrarakgrunn har ei lågare valdeltaking enn resten av befolkninga, blir det ikkje riktig å berre

snakke om underrepresentasjon. Representasjonen av innvandrarak i dei folkevalde organa er nemleg varierende. Når Bjørklund (2010) kallar det ein fiasko på nasjonalt nivå og ein suksess lokalt, viser han til det store spriket mellom representasjonen på Stortinget og i lokalpolitikken. Ved lokalvalet i 2007 blei 140 ikkje-vestlege innvandrarak valde inn i by- og kommunestyra. I seks kommunar er desse innvandrargrubbene overrepresenterte sett i forhold til befolkningsstorleiken i desse kommunane. Forklaringa på dette er først og fremst den omfattande bruken av listeretting. Bergh og Bjørklund (2009) har også funne at deltakinga er høgast der mange av innbyggjarane er innvandrarak. Innvandringstettleiken i valkrinsen kan altså spele ei rolle for valdeltaking.

Så lenge det er variasjon mellom ulike grupper si valdeltaking, er det grunn til å fokusere særskilt på dei grubbene med lågast deltaking. Dette er viktig for å unngå sosial ulikskap i valdeltakinga, noko som i neste runde vil vere ein trugsel for legitimiteten til det demokratiske styresettet. Ei rekkje tiltak har blitt sette i verk for å auke valdeltakinga, både for befolkninga generelt og for innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre spesielt. Vi har i denne rapporten sett nærare på nokre av tiltaka, til dømes informasjonsformidlingstiltaka til IMDi. Men så lenge årsakene til innvandrarakbefolkninga si valåtferd er så komplekse, er det ikkje lett å vite kva som er dei mest effektive og treffsikre tiltaka.

Det verkar klart at det er viktig å rette tiltaka særskilt mot dei grubbene som har lågast deltaking, slik som førstegongsveljarar og unge. Spørsmålet blir korleis ein best kan nå desse grubbene. Éin ting er å nå ut med faktainformasjon om valordninga og om politikken til dei enkelte partia. I denne samanhengen er det viktig å tenkje over kva arenaer dei unge ofte opererer på, og rette tiltaka dit, slik som sosiale medium (til dømes

Facebook og Twitter). Informasjonen må også vere i ei form som treff målgruppa; han må framstillast på ein måte som gjer at målgruppa forstår budskapet. I tillegg må ein spørje seg kva type aktivitetar som kan verke mobiliserande. Tiltak som inneber at målgruppa blir passive mottakarar av informasjon, er truleg ikkje tilstrekkelege i denne samanhengen. Tiltaka bør, så langt det er råd, forsøke å aktivere målgruppene på ein slik måte at den enkelte får ei oppleving som konkretiserer temaet demokrati og val. IMDi og KIM har oppmoda organisasjonar som rekrutterer innvandrarungdom og utvalde skular om å gjere seg kjende med og ta del i Stortinget sitt interaktive opplæringstilbod. Dette kan vere eitt døme på tiltak som er med på å gi målgruppa ei oppleving og erfaring som fører til auka merksemd om temaet demokrati og val.

Ei anna og meir omfattande oppgåve er å spreie kunnskap om det demokratiske styresettet vårt på ein måte som gjer at den enkelte ser verdien og nytten av å delta ved val. At den obligatoriske samfunnskunnskapsundervisninga i Introduksjonsprogrammet tek opp demokratiske spørsmål, ser ut til å vere viktig. Opplæring i demokrati og val bør også ha ein sentral plass i utdanninga som både majoritetsungdomen og dei norskfødde med innvandrarforeldre går gjennom. Gjennomføring av skuleval er her eit viktig tiltak som gir elevlar i vidaregåande skule høve til å lære om val og demokrati.

Som vi har sett i denne rapporten, har valdeltakinga blant innvandrarar på det jamne vore lågare enn for resten av befolkninga. Dette tyder på at det er behov for ei sterkare forankring av valmobiliserande arbeid hos dei som jobbar overfor dei ulike innvandrargruppene. Ei sterkare forankring hos fleire aktørar og i fleire sektorar kan vere ein måte å gi mobiliseringsarbeidet ein høgare prioritet og meir varig karakter på. Til fleire gode krefter som drar i same retninga, til betre kan resultatata bli.

For dei politiske partia utgjør innvandrarbefolkninga mange potensielle røyster. Talet på røysteføre innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre vil også auke i åra framover. Det er difor gode grunnar for partia til å fokusere særskilt på denne veljargruppa. Partia bør vere spesielt opptekne av

- å formidle dei politiske budskapane sine på ein tydeleg og klar måte som treff målgruppa
- å oppmode til nominering av personar med innvandrarbakgrunn på partilistene
- å sørgje for at personane som står på partilistene, gjer seg synlege for innvandrarbefolkninga
- å sørgje for at valkampen tek opp tema som engasjerer innvandrarbefolkninga
- å bidra til å byggje ned eventuell mistillit og gjere det politiske systemet kjent blant personar med innvandrarbakgrunn



Annonsering på T-banen i Oslo som oppmoda folk om å røyste.



Etter ein gjennomgang av ulike kunnskapskjelder som omhandlar valdeltaking blant innvandrarak, ser vi kva område vi har god kunnskap om, og kva område som framleis er prega av kunnskapsmangel. Vi veit ein heil del om kven av innvandrarakane som røystar, og korleis dei røystar. Vi veit mindre om *kvifor* desse personane har valt å bruke røysteretten sin, og ikkje minst kvifor så mange vel å *ikkje* røyste. Det er behov for kvalitative studiar som går i djupna og ser nærare på desse forholda:

- Kva er motivasjonen som ligg bak valåtferda til den enkelte? Kva er motiva for å røyste eller for å la det vere? Har ulike grupper ulike motiv?
- Kva er dei største barrierane for å delta ved val?
- Korleis stiller innvandrarakbefolkninga seg til val og til dei folkevalde organa i Noreg?

- For å sikre representasjon i folkevalde organ er det også relevant å sjå nærare på norske politiske institusjonar og strukturelle forhold som fremjar eller hemmar innvandrarak si moglegheit for å gjere politisk karriere.

For at representativiteten i dei folkevalde organa skal vere godt ivareteken, og for at politikken skal kunne bestå av eit mangfald av oppfatningar, må alle grupper i befolkninga vere med i dei politiske prosessane. Dette engasjementet fordrar at den enkelte finn det meningsfullt å delta i desse prosessane. Deltaking i val er ei politisk handling som er frivillig. Det er difor heilt avgjerande at folk ser verdien av å delta og er motiverte til å gjere noko, med andre ord at den enkelte opplever det som meningsfullt å delta i val.

**Bruk stemmeretten din!**

# Litteratur

- Allern, E. H., M., Helgesen, og L., Nyhagen Predelli (2001) *Mellom konflikt og integrasjon. Evaluering av Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene*. Prosjektrapport nr. 11. Oslo: NIBR
- Bergh, J., T., Bjørklund og O. Hellevik (2010) *Personutvelgingen i norske valg* i Norsk statsvitenskapelig tidsskrift. Nr. 2, 105-131. Oslo. Universitetsforlaget
- Bergh, J. og T., Bjørklund (2009) «Få deltok, mange ble valgt: Innvandrere og valget 2007» i Saglie, J. (red.) *Det nære demokratiet – lokalvalg og lokal deltakelse*. 69-88. Oslo. Abstrakt forlag
- Bergh, J., T. Bjørklund og V. Aalandslid (2008) *Stemmer til venstre, men er ikke venstreorientert*. Samfunnsspeilet nr. 2. 2-11. Statistisk sentralbyrå
- Bhavnani, Kum-Kum (1991) *Talking politics: a psychological framing for views from youth in Britain. European monographs in social psychology*. Cambridge University Press
- Bjørklund, T. (2010) «Politikken som arena for integrasjon» i *Programoversikt Internasjonal migrasjon og etniske relasjoner - IMER* Norges forskningsråd, Oslo, september 2010.
- Bjørklund, T. (2005) «Innledning. Honnørordet lokaldemokrati» I Saglie, J. og T., Bjørklund (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. 15-20. Oslo. Gyldendal Akademisk
- Bjørklund, T. og J., Bergh (2005) *Innvandererne i lokalpolitikken. En suksesshistorie?»* i Saglie, J. og T., Bjørklund (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. 178-194. Oslo. Gyldendal Akademisk
- Bjørklund, T. og K. E., Kval (2001) *Innvandrere og lokalvalget 1999*, Institutt for samfunnsforskning, Oslo
- Bjørklund, T. og J. Saglie (2009) «Ensaksdeltakelse: om underskriftskampanjer og politikerkontakt» i Saglie, J. (red.) *Det nære demokratiet – lokalvalg og lokal deltakelse*. 187-210. Oslo. Abstrakt forlag
- Buck, M., H. O. Larsen, T., Willumsen, og M., Lanes (2005) «Direktevalg av ordfører. Demokratisk nyvinning eller mislykket eksperiment?» i Saglie, J. og Bjørklund, T. (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. 102-121. Oslo. Gyldendal Akademisk
- Christensen, D. A. og T., Midtbø (2001) «Norsk valgdeltakelse i et makroperspektiv», i NOU 2001:3, *Velgere, valgordning, valgte*. 585-604. Oslo: Norges offentlige utredninger
- Dahlstedt, I. (2003) «Innvandrarorganisasjoner i Sverige» i Flemming Mikkelsen (red.) *Indvandrerorganisasjoner i Norden*. Nord 2003:11. 27-94. København: Nordisk Ministerråd
- Dahlstedt, M. (2005) «Det är inte mitt samhälle!» Mistro och levd erfarenhet i mångetniska förortsmiljöer» i Dahlstedt, M. og F., Hertzberg (red.) *Demokrati på svenska? Om strukturell diskriminering och politisk deltagande*. Rapport av Utredningen om makt, integration och strukturell diskriminering. SOU 2005:112
- Dahlstedt, M., og F., Hertzberg (2005) «Demokrati på svenska?» i Dahlstedt, M., og F., Hertzberg (red.) *Demokrati på svenska? Om strukturell diskriminering och politisk deltagande*. Rapport av Utredningen om makt, integration och strukturell diskriminering SOU 2005:112
- Dahlstedt, M. og F., Hertzberg (2005) «Strukturell diskriminering och politiskt deltagande» i Dahlstedt, M. og F., Hertzberg (red.) *Demokrati på svenska? Om strukturell diskriminering och politiskt deltagande*.

Rapport av Utredningen om makt, integration och strukturell diskriminering SOU 2005:112

Eide, M. (2006) *Ikke-vestlige innvandrere deltar sjeldnere enn etniske nordmenn i valg, hvorfor er det slik?* Masteroppgave i offentlig politikk og ledelse. Fakultetet for økonomi og samfunnsfag. Høgskolen i Agder

Elklit, J., B., Møller, P., Svensson, og L., Togeby (2005) *Gensyn med sofavælgerne. Valgdeltagelse i Danmark*. Aarhus Universitetsforlag

Flo, Y. og J., Aars (2010) *Frå politiske rettår til politisk makt*. UNI Rokkansenteret. Utgitt av Kommunal- og regionaldepartementet. Oslo

Guthu, L. og S., Holm (2010) *Innvandrere på nett. En analyse av innvandreres digitale kompetanse*. Vox Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk.

Hammar, T. (1979) *Det första invandrarvalet*, Stockholm. Liber förlag

Hammar, T. (1990) *Democracy and the Nation State: Aliens, Denizens and Citizens in a World of International Migration*. Research in ethnic relations series. Aldershot: Avebury.

Hammer, O. og I., Bruun (2000) *Etniske minoriteters innflytelseskanaler*. Århus: Magtutredningen

Hansen, T., I., Opheim Ellis og A. L., Fimreite, (2002) «Spiller egenskaper ved kommunene noen rolle for valgdeltakelsen ved kommunvalg?» i Aardal, B., (red.) *Valgdeltakelse og lokaldemokrati*. 45-68. Oslo. Kommuneforlaget.

Hellevik, O. og J., Bergh (2005) «Personutvelgingen. Ny ordning – uendret resultat» i Saglie, J. og T., Bjørklund (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. 58-82. Oslo. Gyldendal Akademisk

Henriksen, K. (2010) *Valgdeltakelsen blant innvandrere ved Stortingsvalget 2009*. Rapport 19/2010. Statistisk sentralbyrå. Oslo-Kongsvinger

Johansson, M. (2005) «Inkluderings av «svenskar» i lokal realpolitikk. Exemplet Örebro» i Dahlstedt, M. og F., Hertzberg (red.) *Demokrati på svenska? Om strukturell diskriminering och politiskt deltagande*. Rapport av Utredningen om makt, integration och strukturell diskriminering SOU 2005:112

Karlsen, R., B., Aardal og D. A., Christensen (2005) «Elektronisk stemmegivning. De første norske erfaringer» i Saglie, J. og T., Bjørklund (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. 122-142. Oslo. Gyldendal Akademisk

Lister, R. (1990) *The Exclusive Society: Citizenship and the Poor*, London: Child Poverty Action Group

Martinussen, W. (1973) *Fjerndemokratiet. Sosial ulikhet, politiske ressurser og politisk medvirkning i Norge*. Oslo: Gyldendal

Melve, J. (2003) «Innvandrerorganisasjoner i Norge» i Flemming, M. (red.), *Indvandrerorganisationer i Norden*. 2003:11. 171-233. København: Nordisk Ministerråd

En fælles og tryk fremtid. Handlingsplan om forebyggelse af ekstremistiske holdninger og radikaliserings blant unge. 2009. Regeringen. Ministeriet for Flygtninge, Indvandrere og Integration

Ot.prp.nr.32 (2008-2009) Om lov om endringer i valgloven og kommuneloven (tidleg-røyster, valobservasjon mv.) Kommunal- og regionaldepartementet

Pettersen, P. A og L., Rose (2009) «Å delta eller ikke – det er spørsmålet: Lokalvalgene 1995-2007» i Saglie, J. (red.) *Det nære demokratiet – lokalvalg og lokal deltagelse*. 159-186. Oslo. Abstrakt forlag

Predelli, Line Nyhagen (2006) *Innvandrerorganisasjoner i Norge. Utforming, aktiviteter og politisk deltakelse*. NIBR-rapport 2006:14

Prop. 1 S (2010-2011) Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak). Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet

Rogstad, J. (2002) «Minoritetseliten og majoritetsarenaer» i Grethe Brochmann et al. (red.) *Sand i maskineriet*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Rogstad, J. (2007) *Demokratisk fellesskap. Politisk inkludering og etnisk mobilisering*. Oslo: Universitetsforlaget

Rokkan, S., (1966) «Norway: Numerical democracy and corporate pluralism», i Robert A. Dahl (ed.): *Political Opposition in Western Democracies*. New Haven: Yale University Press

Rose, L. (2002) «Normer og roller – borgerpliktens endelikt?» i Aardal, B., (red.) *Valgdeltakelse og lokaldemokrati*. 139-176. Oslo. Kommuneforlaget.

Rose, L. (2005) «Normer og stemmegiving. Både indre plikt og ytre press?» I Saglie, J. og T., Bjørklund (red.) *Lokalvalg og lokalt folkestyre*. 228-251 Oslo. Gyldendal Akademisk

Slaatta, T. (1989) *Valgdeltakelse og valginformasjon. Rapport basert på forskningsresultater fra undersøkelse omkring valg-atferd og valginformasjon, høsten 1989*, Dynamo Krohg

Stava, P. (2002) «Valdeltaking i Norden – normer, egeninteresse eller meningsytring?» i Aardal, B., (red.) *Valgdeltakelse og lokaldemokrati*. 111-138. Oslo. Kommuneforlaget.

Statistiska centralbyrån (2006) *Valdeltagandet vid de allmänna valen 2006*. Statistiska Meddelanden ME 13 SM 0701

St.meld.nr. 49 (2003-2004) *Mangfold gjennom inkludering og deltakelse. Ansvar og frihet*. Kommunal- og regionaldepartementet

St. meld. nr. 33 (2007-2008) *Eit sterkt lokaldemokrati*. Det kongelige kommunal- og regionaldepartement. Oslo

Strømsnes, K. (2003) *Folkets makt. Medborgerskap, demokrati, deltakelse. Matutredningen*. Gyldendal Norsk Forlag AS

Teorell, J. og A. Westholm (1999) «Var det bättre förr? Politisk jämlikhet i Sverige under 30 år», i *SOU 1999: 113, medborgarnas erfarenheter*, Forskarvolym V för demokratiutredningen

Togeby, Lise (1999) «Immigrants at the Polls: Immigrant and Refugee Participations in Danish Local Elections» 297–320 Erik Beukel et al. (eds.), *Elites, Parties and Democracy*. Festschrift for Professor Mogens N. Pedersen, Odense: Odense University Press

Aalandslid, V. (2008) *Innvandrere og kommunestyrevalget I 2007*. Rapport 2008/47. Statistisk sentralbyrå. Oslo-Kongsvinger

#### Andre kjelder

Rapport fra tilskuddsordningen. Stortings- og sametingsvalget 2009. Kommunal- og regionaldepartementet

Strategi for valgarbeidet i IMDi 2011-2013. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi).

[www.valg.no](http://www.valg.no)

[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

[www.ssb.no](http://www.ssb.no)

[www.kim.no](http://www.kim.no)

[www.innvandrerradet.com](http://www.innvandrerradet.com)

[www.val.se](http://www.val.se)

## Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Postadresse: Postboks 8059 Dep, 0031 Oslo

Besøksadresse: Tollbugata 20, 0152 Oslo

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 24 16 88 01

E-post: post@imdi.no

Bestilling av rapporter: bestilling@imdi.no

Pressetelefon: 917 55 351, e-post: presse@imdi.no

www.imdi.no

---

### IMDis regionale enheter:

#### IMDi Indre Øst

Storgata 16, 2. etg, PB 1133, 2806 Gjøvik

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 61 17 08 95

#### IMDi Midt-Norge

Peter Egges plass 2 (inngang Kjøpmanssgata)

Postboks 2438 Sluppen

7005 Trondheim

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 73 89 24 31

#### IMDi Nord

Sleggesvingen 15, PB 83, 8502 Narvik

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 76 96 58 38

#### IMDi Sør

Slottsquartalet, Tordenskjoldsgate 9

Postboks 647, 4666 Kristiansand

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 38 02 04 80

#### IMDi Vest

Sandbrogaten 5-7, Postboks 159 Sandviken, 5812 Bergen

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 55 30 09 88

#### IMDi Øst

Tollbugata 20, Postboks 8059 Dep, 0152 Oslo

Telefon sentralbord: 24 16 88 00

Telefaks: 24 16 88 01



Oy kullani kullani  
Use your votel  
Ane jienati!

Geavat jienastanvuogiatvuodat!

Skorzystaj z Twojego prawa glosul

**Bruk stemmeretten din!**

Isticmaal codkaaga!

Nuhth dov tjaatsestimmiereaktam!

از حق خود برای رای دادن استفاده کنید!

Iskoristi svoje glasacko pravo!

Hãy sử dụng quyền bầu cử của bạn!

Воспользуйтесь своим правом голоса!

ISBN 978-82-8246-027-9



9 788282 460279

